



Bømlo symjehall og Bremnes ungdomsskule er to nye praktbygg som vart teken i bruk i 2018. (Foto: Simon Knutsson Sortland)

ÅRSMELDING 2018

BØMLO KOMMUNE

Rådhuset, Leirdalen 1

5430 Bremnes

Tlf.: 53 42 30 00

Epost: postmottak@bomlo.kommune.no

Handsama i formannskapet: 21.05.2019

Vedteke av kommunestyret: 17.06.2019 Sak: PS 34 /2019

INNHALD

INNHALD.....	2
POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING VED UTGONGEN AV 2018.....	3
RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR.....	4
TEMASIDER BREMNES UNGDOMSSKULE.....	5
TEMASIDER BASEN.....	6
TEMASIDER BØMLO SYMJEHALL.....	7
TEMASIDER ALVSVÅG ALTERNATIVE SKULEARENA.....	8
ORGANISASJON 2018.....	9
ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT.....	19
SENTRALE STYRINGSORGAN.....	37
OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT.....	47
HELSE, SOSIAL OG OMSORG.....	55
TEKNISK AVDELING.....	61
KYRKJELEGE FØREMÅL.....	67

POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING VED UTGANGEN AV 2018



Odd Harald Hovland, ordfører

POLITISK		
Odd Harald Hovland	(Ap)	Ordfører
Morten Helland	(KrF)	Varaordfører
Ragnhild Ravna Skjærvik	(Ap)	Leiar utval for oppvekst, kultur og idrett
Karsten Sigve Fylkesnes	(KrF)	Leiar utval for areal og samferdsel
Hans Otto Robberstad	(Ap)	Leiar utval for helse og omsorg
Miriam Sortland	(Sp)	Leiar for Naturbruksutvalet
Annbjørg Legland	(H)	Leiar Bømlo eldreråd
Birgit Sønstabø Esperø	(KrF)	Leiar Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Sonja Hellen Sele	(H)	Leiar Kontrollutvalet
ADMINISTRATIV		
Geir E. Aga		Rådmann
Aud Gunn Løklingholm		Assisterande rådmann
Kjell Magnar Mellesdal		Kommunalsjef helse, sosial og omsorg
Bjørn Håvard Bjørklund		Kommunalsjef oppvekst, idrett og kultur
Jarle Nakken		Økonomisjef
Vanja Espeland		Personalsjef
Revisjon		Deloitte AS

RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR

Det økonomiske resultatet for 2018 er markert bedre enn budsjett. Me fekk langt meir havbruksinntekter enn det som var budsjettert. Fylkesmannen tilrår at ein i budsjettet legg opp til eit resultat på minst 1,75% av brutto omsetnad. Resultatet utgjer ca. 2,5% av omsetnaden.

Endring av inntektssystemet har dei siste åra gitt kommunen dårlegare rammevilkår. Dei tre siste åra er Bømlo ein av dei kommunane med lågast realvekst i Hordaland. Me har likevel klart å effektivisere drifta slik at me har funne plass til nokre nye tiltak. Først og fremst har me finansiert full årseffekt av Haugen bufellesskap og to bufellesskap for einslege mindreårige. I tillegg har me finansiert auka kapitalkostnader knytt til ny ungdomsskule og nytt basseng, og ikkje minst drift av Bømlo symjehall frå sommaren 2018.



Geir E. Aga, rådmann

Etter at me har hatt fleire år med høge investeringar var investeringsnivået i 2018 relativt lågt. Sluttfinansieringa av både skule og basseng vart likevel finansiert i 2018, me bygde nytt SFO-bygg på Foldrøy og gjorde ei rad oppgraderingar utover dette.

Eg oppfattar at det er brei semje om at kommunen skal ha fokus på førebyggingsperspektivet/folkehelseperspektivet og prioritere tidleg innsats. Vaksentettleiken i skulen på dei lågaste trinna er ytterlegare styrka i 2018. Det er også funne midlar, først og fremst gjennom omprioriteringar, til å styrke aktivitetstilbodet for ulike grupper innanfor helse og omsorg. Begge seksjonane har i tillegg fleire prosjekt som har fokus på tidleg innsats. Kommunen sitt folkehelsedokument er styrande for desse prioriteringane.

Etter rekordhøg aktivitet i Bømlopakken i 2017, med ferdigstilling av tre nye anlegg, har 2018 vore eit overgangsår kor prosessen med å få på plass ein søknad om Bømlopakke II har hatt høg fokus. På slutten av året vart strekninga Hestanes – Sakseid lyst ut, og dersom alt går som planlagt vil det dei næraste åra bli starta opp fleire nye anlegg. Rådmannen opplever stor semje om at infrastruktur skal prioriterast. God infrastruktur er viktig for folk flest og avgjerande viktig for næringslivet vårt.

Betringa i næringslivet har halde fram i 2018. Det er likevel ingen tvil om at mange verksemder har vore gjennom tøffe omstillingar med t.d. nedbemanning. Kommunen har hatt reduksjon i skatteinntektene og me har i nyare tid ikkje hatt så lågt skattenivå samanlikna med landsnittet. Ein del av svikten er likevel kompensert med utjamningsmidlar. Me ser no teikn til betring for lokalt næringsliv og arbeidsløyseta.

Arbeidet med utvikling av industriområdet i Rubbestadneset held fram sjølv om prosessen hjå ein del aktørar har teke litt lengre tid enn tidlegare planlagt. Nytt teknologisenter er likevel langt betre forankra både hjå fylkeskommunen og statlege styresmakter. Utbygging av næringsområdet i Rubbestadneset er i gong og Unitech sitt test- og forskningssenter er under prosjektering.

Ny fiskerihamn i Hovlandshagen har kome inn i Norsk transportplan (NTP) med realisering frå 2024. Det er no sett i verk eit arbeid for å kunne forskottere denne realiseringa.

Arbeidet med rullering av kommuneplanen har også starta opp i 2018. Denne gongen har me først hatt fokus på samfunnsdelen. Samfunnsdelen av kommuneplanen skal først og fremst «peike retning», klargjere meir overordna korleis me skal prioritere og ønskjer at kommunen skal utvikle seg. Det har vore ein brei prosess med involvering av alle grendalaga. Samla har det vore nærare 700 personar på desse møta. Me har også sett i verk ein prosess med korleis kommunen sitt sentrum skal utviklast gjennom ein eigen stadanalyse. Dette vil bli følgt opp i 2019.

Rådmannen vil takke for tillit og konstruktivt og godt samarbeid med politisk nivå. Vidare vil eg takke alle våre tilsette for engasjement og innsats i året som har gått. Eg opplever kvar dag kvalitetsbevisste og dyktige medarbeidarar som har klart og tydeleg brukarfokus. Gode relasjonar gir energi og motivasjon i arbeidskvardagen, og gjer oppgåva med å leie det daglege arbeidet i kommunen særst meiningfullt.

TEMASIDER BREMNES UNGDOMSSKULE

Naudsynt – Etterlengta – Ny og Praktfull



Nye Bremnes ungdomsskule vart teken i bruk 19. mars 2018. Totalkostnaden var på 220 millionar kroner. Bygget er på 5.300 rutemeter og har plass til 450 elevar. (Foto: Magne Langåker/ Sydvest)

- Me gjekk frå den gamle verda til den nye, og det har vore ein himmelvid skilnad. Me fekk eit vesentleg betre arbeidsmiljø for elevane og våre 50 tilsette. Trur faktisk ingen saknar noko frå gamleskulen.

Rektor Hans Arnevik slutfører ein lang karriere som lærar og rektor når han i mai 2019 går av med pensjon. Den tidlegare leiaren for Sjøheimevernet kan trygt forlata skuta – eit topp moderne skulebygg som blei akkurat slik dei tilsette hadde bedt om.

Arnevik og kollegaene stod gjennom ein åtte år lang prosess for å få den svært naudsynte og etterlengta nye Bremnes ungdomsskule - ei viktig satsing.

- Her er alt nytt, fint og praktisk. Elevane har funne seg godt til rette og kosar seg i sine felles vrimleareal på trinna og flotte fellesareal. Sjølv om uteområdet er flott og skulen ligg midt i naturen er dei faktisk mest inne, kan rektor konstatere.



Han er godt nøgd med at trafikkavviklinga går greitt takka vere oppgraderinga av Idrettsvegen og Sirkusplassen.

Skikkeleg verkty og utstyr

Elevane får utvikla kunnskapane og dugleikane sine på moderne utstyr og verkty både i sløysalen, naturfagsalen, skulekjøkenet, musikkrom og kunst- og handverksrommet. Lærarane har fått gode arbeidsplassar og moderne ikt-utstyr. Spesialrom og bibliotek er med og kompletterer bygget. Fellesamfiet har synt seg som ein god arena for mange ulike tilstellingar. Alt innramma med kunst av ulik art.

På open dag i opningsveka var det kring 1500 sambygdingar innom for å ta den nye katedralen i nærare augeyn. Kommunen sin einaste reine ungdomsskule feira eitt år 19. mars 2019

– Dette er ein skule mange bryr seg om og har eit forhold til. Fleire seier at det er den finaste skulen dei har sett. Det gjer meg stolt.

Hans Arnevik kan sjølv vere stolt over innsatsen han har lagt ned og kan overlate roret til Christin Klubben vel vitande om at han har vore med på eit av dei største løfta i Bømlo kommune si historie.

- Elevane har saman med oss tilsette fått vesentleg betre arbeidstilhøve, konstaterer ein nøgd rektor Hans Arnevik ved nye Bremnes ungdomsskule – her i sløysalen. (Foto: Simon K. Sortland)

TEMASIDER BASEN

Ein god base i livet

- For fleire av oss er Basen eit spørsmål om å vere eller ikkje vere. Her er eit trygt og godt sosialt miljø der alle, uansett bagasje, jobbar godt i lag. Det er dette som får oss hit kvar dag.

Under morgonkaffien før hage- og skogrydding med bålbrekking står på arbeidslista er stemninga på topp i Basen. Praten går laust og latteren er alltid på lur. Arbeidsleiar Bjørn Jordal ser fram til nok ein meningsfull arbeidsdag.

Meiningsfull kvardag

- Basen betyr enormt mykje. Det er noko eige med å vere på ein arbeidsplass. For meg er det rett og slett eit spørsmål om å vere eller ikkje vere. Med den bagasjen fleire av oss har her, og likevel så få konflikter er utruleg. Me er rett og slett ein suksesshistorie.

- Ja, me er det, understrekar Jordal. I mine seks år her oppe har eg aldri måtte heva røysta eller gått imellom nokon grunna konflikt. Miljøet og samarbeidet er fantastisk, slår han fast og får samstemte tilbakemeldingar frå arbeidsgjengen.

Basen starta opp i 2011 og er eit tiltak i regi av Nav for personar med samansette helseutfordringar. Målsetjinga er å gje ein meningsfull kvardag til deltakarane og kartleggja arbeids- evna, samt arbeida mot sysselsetjing for den einskilde. Andre brukar òg Basen som ein sosial møteplass.



Eit arbeidslag frå Basen ute på oppdrag. (Foto: Simon K. Sortland)

- Her er det sosialt og trygt, ja eg vil og seie omsorgsfullt, legg ein annan til. Me tek godt vare på kvarandre. Her er det innafor å forsove seg eller ha ein litt dårleg dag, utan at du treng uroa deg for neste dag.



Godt humør på jobb mellom arbeidsleiar Bjørn Henrik Jordal og ein kollega ved Basen. (Foto: Simon K. Sortland)

- Me har veldig mange oppdrag med utkøyring av utstyr frå det kommunale hjelpemiddellageret, eit samarbeid fleire kommunale tenester er særst nøgde med. I tillegg alt frå gartnartenester, utkøyring av kvitevarer, opphenging av julegata, flytteoppdrag og skoging m.m. Men Basen er ikkje i konkurranse med det lokale næringslivet, understrekar Jordal.

Inspirasjon for andre


Andre kommunar kjem på vitjing for å få inspirasjon og gode råd til korleis dei kan skapa eit liknande tilbod i sin kommune.

Men det er ikkje berre arbeid. Gjengen er samansveisa og dei tar ofte korte skogsturar, eller om sommaren er det topptur. Både Trolltunga, Preikestolen og fleire andre kjende toppar er på lista over erobra fjelltoppar. Fisketurar er også populære.

Basen, ein spesiell og fantastisk arbeidsplass, er gjengen samde om.

TEMASIDER BØMLO SYMJEHALL

Symjehallen - for små og store



Bømlo symjehall vart offisielt opna 5. oktober 2018.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

- Folk i alle aldrar har teke kjempegodt imot oss, og besøkstala har vore over 1000 per veke sidan prøvestarten i september 2018. Personleg gler det meg at så mange no byrjar med symjing som mosjon og at symjemiljøet i Bømlo er i sterk vekst.

Dagleg leiar Elin Steinsbø i Bømlo symjehall kan sjå tilbake på eit hektisk halvår sidan oppstarten i september 2018. På kort tid skulle alt frå dopapir, alarmsystem, skilting og badevaktoppplæring og tilsetjing på plass. Sjølv om ho framleis føler det er eit etterslep meiner ho det har gått veldig bra.

- Me har fokus på aktivitet og folkehelse, eit tilbod for alle. Tilbodet må me tilpassa etter kvart, men allereie no har me opplevd kjempesuksess med Seniorsymjing og Skumringstimen i tillegg til hinderløypa og stupetårna sjølvsagt. Kajakk-klubben øver også i bassenget. Ikkje minst er Bømlo symjeklubb i sterk vekst og har kurs i både stup, synkronsymjing, crawl med meir.

Steinsbø kom frå jobben som rehabiliteringskoordinator og ser nesten dagleg bevis på kor godt bassengtrening er for rehabilitering. I tillegg til fysisk rehabilitering får deltakarane god sosial kontakt og det er skapt eit sosialt miljø her allereie. Det er god folkehelse, slår ho fast. Rehabiliteringstilbodet vert no utvida med vannjogg.

- Symjehallen var tydelegvis eit etterlengta tilbod, slår dagleg leiar Elin Steinsbø fast. (Foto: Simon Knutsson Sortland)

Steinsbø har med seg åtte faste deltidsvaktarar og tre ringevikarar i teamet. Til påske får dei to nye kontor, to personalgarderober, pause/møterom og publikumstolett oppe på tribuneseksjonen. Men det er framleis god plass til publikum. Symjehallen har ope i alle ferier, og kan vere fleksible med omsyn til opningstider.

- I skuleferiane høyrer me mange dialekter her, og dette er eit godt innetilbod for dei mange hytte- og rorbaturistane me har, seier Steinsbø.



TEMASIDER ALVSVÅG ALTERNATIVE SKULEARENA

Ei god arena for meistring

- Det er lettare å stå opp om morgonen og gå hit enn på skulen der det er tungt og kjedeleg. Her veit eg at eg får til oppgåvene, for her er det praktisk. Aller best likar eg å vere på sjøen.

10. klassingen er inne i sitt andre og siste år som elev ved Alvsvåg alternative skulearena. Måndagar er han her i staden for i ordinær undervisning på skulen.



Kanopadling er populært blant elevane på Alvsvåg.

(Foto: Simon K. Sortland)

Etter frukosten på Naustet skal han og to medelevar frå 7. og 8. trinn ut på sjøen og løysa dagens oppgåver. Lærarane Vidar Gilje og Lars Petter Lie sørger med myndig men kameratsleg tone at dei får på seg redningsvest og gjer alt klart.

- Her har me fokus på meistring både sosialt og praktiske oppgåver, og har eit alternativt skuleopplegg for elevar med ulike behov, seier Gilje.

Mest gitar

- Mange, og då særleg gitar, har vanskeleg for å sitja i ro for å læra å lesa og skriva. Gjennom aktivitetane våre får dei også mykje god fysisk fostring, legg Lie til.

Alvsvågsprosjektet var to-årig då det starta opp i 2013/14 men er no blitt eit fast alternativt opplegg for elevar på 5. til. 10. trinn.

Det er per dato 14 elevar fordelt gruppevis med tre



om måndagar, tysdagar og onsdagar. På fredagane er det fem elevar.

- Dette er mykje kjekkare enn å gå på skulen, for her får eg ikkje vondt i hovudet når eg går heim. Aller best likar eg å vere i båt og fiske, fortel eleven på 7. trinn.

- Om du då ikkje får fiskestanga i hovudet, fleipar medeleven frå 8. klassen. Miljøet er topp her ute.


Aktivitetane er lagt opp etter sesongen slik at om hausten er det mest fiske og fangst. Om vinteren driv dei skogsarbeid og på våren er det mest strandrydding for å få pengar til klassekassen og mindre hagearbeid for privatpersonar. Dei har sin eigen holme der dei tilbring mykje tid med å laga gapahuk og andre ulike prosjekt.

- Det er lettare å lære matematikk når me reknar med ting me ser, til dømes krabber, enn berre tal. Her veit eg at eg meistrar oppgåvene, og det er mykje betre en terpinga på det same kjedelege stoffet på skulen, meiner 10. klassingen.

- Det er utruleg givande å sjå at ungdom mange kanskje ser på som skuletaparar blomstrar opp og "blir til noko", slår Lars Petter fast.

Lars Petter Lie og Vidar Gilje (bak) er lærarar ved Alvsvåg alternative skulearena. (Foto: Simon K. Sortland)

ORGANISASJON 2018



Gule bokser er verksemder – grå bokser er avdelingar

Arbeidsgjevarfunksjonen og kommunal personalpolitikk

Tabellen nedanfor syner utviklinga frå 2013 til 2018 når det gjeld lønsutgifter (i heile tusen kroner).

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Samla lønsutgifter	481 511	509 399	530 443	556 814	601 050	620 130
Av dette løn i faste stillingar	286 403	306 715	324 949	342 257	367 963	378 549
Særskilde tillegg til løna	27 810	29 123	28 230	29 736	31 885	31 058
Ekstrahjelp og overtid	12 467	12 669	12 720	12 767	16 562	15 974
Godtgjersle til folkevalde	2 243	2 114	2 318	2 234	2 314	2 389
Andre lønsutgifter, vikarutgifter	43 386	44 597	41 834	44 893	45 623	51 539
Introduksjonsløn og kvalifiseringsgodtgjersle	3 840	4 642	6 351	8 780	14 103	14 092
Pensjon og arbeidsgjevaravgift	105 362	109 540	114 041	116 147	122 600	126 529
Vekst i lønsutgifter	32 476	27 889	21 044	26 371	44 236	19 080
Vekst i %	7,2 %	5,8 %	4,1 %	5,0 %	7,9 %	3,2 %

Kommentar til tabellen: Tala som kjem fram under Pensjon og arbeidsgjevaravgift er inklusiv premieavvik og uttak frå premiefondet i KLP.

Auke i brutto lønskostnader, tariffrevisjonen og lokale lønsforhandlingar

Tilsette som høyrer til HTA kap 4 vert omfatta av sentrale forhandlingar og får mesteparten av si lønsauke framforhandla sentralt. Tariffoppgjeret for 2018 var eit hovudoppgjær med sentrale tillegg. Det var lokale forhandlingar for tilsette i kapittel 3 og 5.

Forhandlingar for tilsette i kapittel 3 (verksemdleiarar og avdelingsleiarar) og i kapittel 5 (tilsette som ikkje er omfatta av sentral lønsregulering) skal kvart år førast på sjølvstendig grunnlag, etter visse kriterium og utan føringar frå sentralt hald. I samsvar med forhandlingsføresegnene vart det i 2018 gjennomført lokale forhandlingar for tilsette innan kap. 3, pkt. 3.4.2., 3.4.3 og kap. 5.

For tilsette i heile KS sitt tariffområde (kommunar og fylkeskommunar) har det vore ei gjennomsnittleg års-lønsvekst frå 2017 til 2018 på 2,9%. Lønsoverhenget til 2018 er i fylgje TBSK (Teknisk beregnings- og statistikkutvalg for kommunesektoren) 1% i gjennomsnitt for alle kommunalt tilsette.

For stillingar i kap 4 var årslønsveksten på 2,9% med eit lønsoverheng til 2018 på 1,5 %.

Årslønsveksten for stillingar med berre lokal lønsfastsetjing var i tariffområdet på 3,3% for stillingar løna etter HTA kapittel 3.4 og kapittel 5. Lønsoverhenget til 2018 for stillingar i både kap 3.4 og kap 5 er på 0,9%.

Opplæring

Det vart gjennomført fylgjande felles opplæringstiltak i 2018:

- Grunnopplæring i arbeidsmiljø (40-timars kurs)
- Konflikthandtering
- Sjukefråværs-handtering
- 10-Faktor – internkurs for leiarar med personalansvar
- Førstehjelpskurs

Kurs og kompetanseheving vart og gjennomført i verksemdene eller seksjonane.

Sjukefråvær og attføring


Samla sjukefråvær i 2018 var på 6,78% mot eit fråvære på 6,75% i 2017. Langtidssjukefråværet gjekk noko ned i 2018, frå 4,8% til 4,4%, motsatt gjekk kortidssjukefråværet opp frå 1,9% til 2,3%.

Bømlo kommune budsjetterer ikkje med utgifter til sjukevikarar. Me budsjetterer heller ikkje med inntekter knytt til sjukelønsrefusjonar. I 2018 fekk Bømlo kommune totalt 17,44 mill. kroner i sjukelønsrefusjonar mot 19,26 mill. kroner i 2017. Desse inntektene kan nyttast til å dekkja kostnader til sjukevikarar. Arbeidsgjevar får som hovudregel ikkje refusjonar for fråvær dei første 16 dagane. Vikarutgifter i arbeidsgjevarperioden er difor ikkje direkte finansiert, og må då finansierast innanfor ordinære rammer. Det same gjeld utgifter til feriepengar som berre delvis vert refundert samt utgifter til pensjon som ikkje vert refundert i det heile.

Tilsvarende gjeld ved fødselspermisjon. Bømlo kommune fekk totalt 6,5 mill. kroner i fødselspermisjonsrefusjonar i 2018 mot 9,21 mill. kroner i 2017.

Samla sjukefråvær i % av moglege dagsverk:

Tabellen under syner utviklinga i samla sjukefråvær i kommunen frå 2012 – 2018




Sjukefråværet auka litt siste året.


I 2018 var det avtalt totalt 180 641 dagsverk og det var registrert 13 200 dagsverk med sjukefråvær. Tilsvarende tal for 2017 var 179 820 avtalte dagsverk og 12 592 dagsverk med sjukefråvær. Dette gjev ein fråværsprosent i 2018 på 6,78 % mot 6,75 % i 2017.

Korttidsfråvær (fråvær inntil 16 dagar) i dagsverk år:

Korttidsfråværet var på om lag 4 518 tapte dagsverk. Dette er høgare enn i 2017, der korttidsfråværet var på om lag 3 712 tapte dagsverk. Figuren under syner utviklinga.



Langtidsfråvær (fråvær over 16 dagar) i dagsverk år:



Bømlo kommune hadde 8 682 tapte dagsverk i 2018 grunna langtidssjukdom (fråvær over 16 dagar). Dette er ein reduksjon på 198 dagsverk frå 2017 då det var 8 880 tapte dagsverk grunna langtidsfråvær.

Samanlikningstal fråvær fordelt på sektor og kjønn i prosent av avtalte dagsverk

	Bømlo 2016			Bømlo 2017			Bømlo 2018		
	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %
Samla fråvær	6,95	0,99	5,96	6,73	0,98	5,76	6,78	1,28	5,49
Kvinner	7,37	0,96	6,41	6,82	0,99	7,22	1,31	5,91	5,82
Menn	5,02	1,08	3,95	6,40	1,08	3,95	4,89	1,16	3,73
Helse og sosial	8,50	0,95	7,55	8,48	1,02	7,46	8,23	1,39	6,83
Kvinner	8,62	0,95	7,66	8,44	1,03	7,42	8,48	1,42	7,06
Menn	6,53	0,87	5,66	8,91	0,98	7,93	5,54	1,05	4,49
Oppvekst	5,65	1,02	4,63	5,33	0,93	4,40	5,83	1,16	4,67
Kvinner	6,37	0,98	5,39	5,31	0,96	4,35	6,14	1,18	4,97
Menn	2,83	1,15	1,68	5,41	0,84	4,57	4,56	1,08	3,48
Teknisk	7,48	1,05	6,43	7,21	1,10	6,11	5,60	1,34	4,26
Kvinner	2,89	1,66	1,23	5,08	1,48	3,60	2,56	1,34	1,22
Menn	8,40	0,93	7,47	7,63	1,03	6,61	6,26	1,34	4,92
Sentraladm.	5,15	0,96	4,19	3,90	0,83	3,07	3,63	1,34	2,28
Kvinner	4,79	0,74	4,05	3,60	0,80	2,80	4,28	1,35	2,93
Menn	5,84	1,37	4,46	4,45	0,89	3,56	2,57	1,33	1,24

Sjukefråværet i 2018 er på omlag same nivå som i 2017.

Helse- og omsorgssektoren har hatt ein reduksjon i sjukefråværet med 0,25 prosentpoeng medan oppvekst har hatt ein auke i sjukefråværet med 0,50 prosentpoeng. Teknisk sektor har hatt ein reduksjon i sjukefråværet med 1,61 prosentpoeng samanlikna med 2017. Tilsvarende tal for sentraladministrasjonen syner ein reduksjon på 0,27 prosentpoeng.

Inkluderande arbeidsliv

Kommunen har fleire arbeidstakarar som har vanskar med å stå i den stillinga dei i utgangspunktet er tilsette i. Det er ei målsetting at slike saker skal finna si løysing i det daglege arbeidet ute på arbeidsplassane. Oppfølging av sjukmeldte krev kontinuerleg arbeid. Fleire saker er løyst ved å finna anna høveleg arbeid. Å ha tett samarbeid med NAV er viktig, særleg når det vert stilt strengare krav til oppfølging og tilrettelegging for tilsette med helseproblem.

Bømlo kommune har følgjande mål for sitt IA-arbeid:

- 1) Redusera sjukefråværet til under 5,4%
- 2) Tilrettelegge for eigne tilsette/og andre som får helseproblem/har funksjonshemming.
- 3) Tiltak som inspirerer til å stå i arbeid lengst mogleg etter fylte 62 år.

Tilrettelegging:

Innsatspunktet inneheld både oppfølging av sjukmeldte og det førebyggjande arbeidet for å hindre at personale blir sjukmeldt. I 2018 fekk Bømlo kommune utbetalt kr 589 090 i tilretteleggingstilskot frå NAV. Til samanlikning fekk ein i 2017 utbetalt kr 406 637 og kr 609 299 i 2015.

*Trivselsprisen 2018 gjekk til Bømlo kulturskule – her ved Tone Synneve Myklebust, Tone Lium Røsland, Owe Håstø og rektor Stein Høyland (t.h).
(Foto: Simon Knutsson Sortland)*



Tilskotet var delt på 7 ulike ansvarsområde mot 10 ulike ansvarsområde i 2017. Bømlo kommune fekk tilsegn om kr 794 348 i tilretteleggingstilskot for 2018 mot kr 522 892 i 2017. Innvilga tilskot for 2018 var til 41 søknader på individnivå og ein søknad på gruppenivå.

I tillegg har kommunen fått om lag kr 1 349 094 i ulike lønstilskot og tilskot til praksisplassar. Tilsvarande tal for 2017 var kr 1 020 000. Bedriftshelsetenesta (YSST HMS) og kontaktpersonen i NAV vert også nytta i samband med opplæring i IA-avtalen og oppfølgingsaker.

Bømlo kommune har til ei kvar tid fleire personar i praksisplassar. Personar som av ulike grunnar er utanfor arbeidslivet får her høve til å få praksis som kan gjera det lettare å koma i ordinært arbeid seinare. Dette er eit arbeidsmarknadstiltak som ikkje er retta mot egne tilsette, og vert formidla via NAV.



Arbeidsmiljø

Bømlo kommune har eigen HMS-plan som gir rammer for HMS-arbeidet i kommunen. Det skal gjennomførast årlege vernerundar ved alle verksemder og medarbeidarundersøking annakvart år for alle tilsette i Bømlo kommune. Bømlo kommune nyttar KS si medarbeidarundersøking 10-FAKTOR. Det vart gjennomført medarbeidarundersøking i 2018. I tillegg skal alle tilsette og få tilbod om årleg med arbeidarsamtale.

For å sikra eit godt samarbeid med verneombod og tillitsvalde i saker som gjeld arbeidsmiljø og sjukefråvær skal det gjennomførast medråderettmøte i alle verksemder.

Bedriftshelsetenesta vert også nytta i samband med måling av innelima. Det er halde fagsamlingar for verneomboda.

AMU behandla til saman 3 saker delt på fira møter i 2018.

Likestilling

Etter likestillingslova §28 har kommunen plikt til å greia ut om likestilling i eiga verksemd.

Arbeidsgjevarar skal gjera greie for:

- a) den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda, og
- b) likestillingstiltak som er sett i verk og som er planlagt sett i verk for å fremja lova sitt føremål om likestilling uavhengig av kjønn.

Utgreiingsplikta gjeld for verksemdar som i lov er pålagt å utarbeida årsmelding. Desse skal ta utgreiingane inn i verksemda si årsmelding.

Kommunen sin handlingsplan for likestilling har hatt verknad frå 01.01.02. Handlingsplanen er ei rettesnor for likestillingsarbeidet.

Dagsverk

	2016	2017	2018
Avtalte dagsverk alle	179 820	187 004	194 766
Avtalte dagsverk kvinner	147 041	150 279	157 771
Avtalte dagsverk menn	32 780	36 725	36 995

I 2018 var 81% av avtalte dagsverk avtalt utført av kvinner. Tilsvarende tal for 2017 var at ca 80,4% av avtalte dagsverk var avtalt utført av kvinner. Dette er ein svak auke frå 2017. Menn hadde i 2018 19% avtalte dagsverk av totalt avtalte dagsverk i Bømlo kommune. Til samanlikning var 19,6% totalt avtalte dagsverk i Bømlo kommune i 2017 avtalt utført av menn.

Leiarar

I Bømlo kommune var to av seks toppleiarar kvinner i 2018. Kvinnedelen i strategisk leiing er slik auka frå 20% i 2017 til 33,3% i 2018. Av 23 verksemdsleiarar er 19 kvinner og 4 menn. Dette tilsvarar ca 82,6% kvinner og 17,4% menn, same nivå som i 2017. Trenden syner ei sterk auke i del kvinnelege verksemdsleiarar i åra frå 2008 fram til 2017, då fordelinga i 2008 var 61,5% menn og 38,5% kvinner.

Løn

Gjennomsnittsløn i verksemdsleiargruppa er kr 708 500 mot kr 693 400 i 2017. Dette er ein snittauke på kr 15 100. For dei kvinnelege leiarane er gjennomsnittsløna kr 705 000 mot kr 690 600 i 2017 som er ein auke på kr 14 400 sidan 2017. Mannlege leiarar tener no kr 725 200 i snitt, noko som er ein snittauke på kr 23 800 sidan 2017. Kvinnelege verksemdsleiarar tener i snitt om lag 97,2 % av det manlege verksemdsleiarar tener. Skilnaden er noko auka samanlikna med 2017 då kvinnelege verksemdsleiarar tente om lag 98,5 % av det manlege verksemdsleiarar tente. Den auka skilnaden skuldast naturleg avgang og rekruttering av nye leiarar, som då har vore kvinner.

	Alle 2017	Kvinner i Bømlo 2017	Menn i Bømlo 2017	Alle 2018	Kvinner i Bømlo 2018	Menn i Bømlo 2018
Toppleiarar		20 %	80 %		33,3 %	66,7 %
Verksemdsleiarar		82,6 %	17,4 %		82,6 %	17,4 %
Løn:						
Gjennomsnittleg årsløn for verksemdsleiarar i Bømlo kommune	693 400	690 600	701 400	708 500	705 000	725 200

Fråvær

Helse og sosial hadde det høgaste fråværet med 8,23% i 2018. Dette er om lag på nivå med fråværet i 2017 som var på 8,48%. Det eigenmeldte fråværet i Bømlo kommune i 2018 er på 1,28 % som er ein svak auke frå 2017 som hadde eit eigenmeldt fråvær på ca. 0,98%.

Sjuke born var grunnen til eit samla fråvær på 0,42 % av avtalte dagsverk i 2018. I 2017 var det 0,37%. Kvinner har 0,44% fråvær med sjuke born av avtalte dagsverk for kvinner medan menn sitt fråvær med sjuke born utgjer om lag 0,35% av avtalte dagsverk for menn.

Seniortiltak

Bømlo kommune sine seniorpolitiske retningslinjer vart innført i 2002. Ordninga er todelt og består av tilretteleggingstilskot frå 62 år til 65 år, samt eit seniortiltak. Tilretteleggingstilskot er eit tilskot som skal nyttast til tilrettelegging på arbeidsplassen. Seniortiltak gjev tilsette kr 4000,- i ekstraløn pr. år frå 62 år til 65 år. Dette tillegget beheld ein fram til ein går av. Avtalane er alternativ til AFP. Pedagogisk personell har eigen sentral seniorordning og er ikkje med i denne omtalen.

Å ha seniortiltak er ein del av IA-avtalen (Inkluderande arbeidsliv). Eksisterande intensjonsavtale om inkluderande arbeidsliv gjeld for perioden 4. mars 2014 til og med 31.12.2018.

ØKONOMI/FINANS HOVUDOVERSIKT

	REKNESKAP	Budsjett	Revidert	Avvik	REKNESKAP
	2018	B2018	RB 2018	Rev.b-Rekn. 2018	2017
Inntekter- skatt, ramme m.m.					
Skatt inntekt og eige	-295 857	-344 336	-324 336	-28 479	-318 473
Eigedomsskatt	-31 039	-30 940	-30 940	99	-30 475
Rammetilskot: Inntektsutjamning	-48 908	-2 774	-22 374	26 534	-15 619
Rammetilskot: Innbyggjar	-323 597	-323 331	-323 506	91	-321 351
Rammetilskot: Skjønn	-9 663	-8 800	-9 100	563	-10 180
Andre generelle statstilskot	-93 038	-52 444	-71 885	21 153	-57 854
SUM inntekter - skatt, ramme m.m.	-802 102	-762 625	-782 141	19 961	-753 952
Netto rammer					
Netto ramme seksjon 1 sentrale styringsorgan	47 182	47 646	47 993	811	45 964
Netto ramme seksjon 2 oppvekst og kultur	381 790	365 168	374 940	-6 850	371 376
Netto ramme seksjon 3 helse, sosial og omsorg	266 974	258 786	262 885	-4 089	257 059
Netto ramme seksjon 4 tekniske tenester	51 201	46 018	46 987	-4 214	49 064
Netto ramme seksjon 5 kyrkje, trdomssamfunn	8 755	8 684	8 684	-71	8 472
Netto ramme seksjon 7 tillegsløyving, ufordelt, premieavvik	-20 616	-9 150	-18 947	1 670	-16 659
Netto ramme seksjon 8 diverse inntekter/utgifter	304	247	247	-57	-182
Sum netto rammer i seksjonane	735 590	717 399	722 789	-12 800	715 094
Avskrivningar	30 427	30 500	30 500	73	29 261
Sum før finanspostar inkl. avskrivning	-36 085	-14 726	-28 852	7 234	-9 597
Netto finanspostar ekskl sosiale lån	40 794	40 965	40 965	171	35 545
Motpost avskrivningar	-30 427	-30 500	-30 500	-73	-29 261
Sum etter finanspostar ekskl. avskrivning	-25 718	-4 261	-18 387	7 332	-3 314
Bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk tidlegare år	-3 832	0	-3 832	0	-21 977
Bruk disposisjonsfond	0	0	0	0	-275
Overføring til investeringsrekneskapen	0	0	0	0	0
Avsett til bundne fond	131	0	0	-131	2 318
Avsett til disposisjonsfond	29 416	4 261	22 219	-7 197	26 137
Bruk bundne driftsfond	0	0	0	0	-6 721
Rekneskapsmessige mindre/meirforbruk	-3	0	0	4	-3 832

Rekneskapsmessige mindreforbruk

Som det går fram av oversikta, viser årsresultatet for Bømlo kommune kr 0. Summen kjem fram etter avsetjing av 29,4 mill. kr til disposisjonsfond. Dette er 4,1 mill. kr mindre enn mottekne havbruksinntekter i 2018.

Frie inntekter (rammetilskot og skatt m.m.)

Summen av dei frie inntektene skatt, inntektsutjamning, rammetilskot, og andre generelle tilskot frå staten viser eit negativt avvik på 1,3 mill. kr.

Skatt/inntektsutjamning: Kommunen opplevde ein stor skattesvikt i 2018. Inntekta gjekk ned frå 318,5 mill. kr til 295,9 mill. kr, ein nedgang i nominelle kroner på 22,6 mill. kr. (7,1%). Kommunens skatteinngang var på 81% av landsgjennomsnittet. Takka være sterk skattevekst elles i landet (veksten var på 3,8%, anslag i nasjonalbudsjettet 2018 var 1,3%) vart det samla negative avviket berre på 1,95 mill.kr.

Den svake skatteveksten førte til at kommunen sine skatteinntekter og inntektsutjamnande tilskot har gått ned frå 96% av landsgjennomsnittet til 94,4%. I kr er dette eit netto tap av inntekter på omlag 6 mill. kr.

Eigedomsskatt: Eigedomsskatteinntektene vart om lag i samsvar med budsjettet med ei meirinntekt på 0,1 mill. kr. Skattesatsen i 2018 var uendra og var på 4 promille av skattegrunlaget.

Rammetilskot:

Kommunen fekk skjønsmidlar frå Kommunaldepartementet med kr 314 365 etter søknad som kompensasjon for takseringsutgifter ved retaksering av verk og bruk. I tillegg fekk kommunen sin andel av rest skjønsmidlar med kr 247 984.

Andre generelle statstilskot:

Tabellen under syner kva som ligg i denne posten

Tilskot	Rekneskap	Total budsjett	Avvik
Tilskot einslege mindreårige flyktningar	-15 649	-15 450	199
Havbruksfondet	-33 577	-15 000	18 577
Rente og avdragskompensasjon	-1 969	-2 500	-530
Ekstratilskot flyktningar	-5 607	-2 741	2 865
Integreringstilskot	-36 235	-36 194	41
Sum generelle statstilskot	-93 038	-71 885	21 153

Ekstratilskotet for flyktningar er nytta i seksjonane, då særleg til drift av bufellesskap, styrkingstiltak i skule, legetenesta mm. Meirinntektene her bidreg til å redusere meirutgiftene i seksjon 2.

Meirinntekter som kommunen mottok frå havbruksfondet er avsett til disposisjonsfond med unntak av 4,1 mill. kr som vart nytta til saldering av drifta for 2018.

Netto finanspostar eksklusiv sosiale lån

Finans	R2018	Budsjett 2018	Rev.budsjett 2018	Avvik rev.budsj/rekneskap	R2017
Renteutgifter lån	20 848	21 002	21 002	154	17 898
Låneavdrag	23 257	23 257	23 257	0	21 606
Renteinntekter	-1 417	-1 502	-1 502	-85	-2 385
Renteinntekter startlån	-1 509	-1 611	-1 611	-102	-1 367
Utbyte	-385	-181	-181	204	-164
Renter, utbyte og lån	40 794	40 965	40 965	171	35 588
Rente og avdragskompensasjon	-1 969	-2 500	-2 500	-531	-2 554

Netto finanspostar viser eit mindreforbruk dette året på 0,2 mill. kr. Renteutgiftene viser mindreutgift på 0,1 mill. kr. Rente og avdragskompensasjonen var 0,5 mill.kr mindre enn rekna med dette året i hovudsak grunna låge renter (1% mot budsjettet 1,7%) som kompensasjonen vart rekna av.

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

	REKNESKAP	Oppr.budsjett	Rev.budsjett	Avvik	REKNESKAP
	2018	2018	RB2018	Rev.b-Rekn.	2018
Sum Driftsinntekter	-985 111	-876 142	-904 091	81 020	-921 904
Sum Driftsutgifter	951 004	862 947	876 970	-74 034	912 296
Brutto Driftsresultat	-34 107	-13 195	-27 121	6 986	-9 607
Sum Eksterne finansinntekter	-3 500	-3 369	-3 369	131	-4 152
Sum Eksterne finansutgifter	44 360	44 311	44 311	-49	39 707
Resultat Ekst. finanstransaksjonar	40 860	40 930	40 930	70	35 555
Motpost avskrivningar	-30 427	-30 500	-30 500	-73	-29 261
Netto driftsresultat	-23 674	-2 765	-16 691	6 983	-3 314
Sum bruk av avsetningar	-7 921	-1 496	-5 528	2 393	-28 973
Sum avsetningar	31 596	4 261	22 219	-9 377	28 454
Mindre/meirforbruk	0	0	0	0	-3 832

Brutto driftsresultat = Driftsinntekter – driftsutgifter inkl. avskrivningar: 34,1 mill. kroner (positivt resultat). Dette er 7 mill. kr betre enn budsjettet.

Netto driftsresultat = Brutto driftsresultat – finanstransaksjonar – avskrivningar: 23,7 mill. kroner (positivt resultat) noko som utgjer 2,4% av driftsinntektene. Resultatet er 7 mill. kr betre enn budsjettet.

Tabellane under gir ein oversikt over avvika der seksjonane står for eit negativt avvik på 12,8 mill. kr. Dette er nærare skildra under seksjonane i årsmeldinga.

Årets resultat – avvik	Avvik
	i mill. kroner
Årsresultat:	0
Avviksforklaring:	
Netto resultat Seksjon 1 sentrale styringsorgan	0,8
Netto resultat Seksjon 2 oppvekst og kultur	-6,9
Netto resultat Seksjon 3 helse og omsorg	-4,1
Netto resultat Seksjon 4 tekniske tenester	-4,2
Netto resultat Seksjon 5 kyrkjelege føremål	-0,1
Netto resultat Seksjon 7 Pensjon, premieavvik og ufordelte utgifter	1,7
Netto resultat Seksjon 8 finansiering	0
SUM Seksjonane	-12,8
Skatt på inntekt og eige	-28,5
Eigedomsskatt	0,1
Ramme og statstilskot	27,1
Eksterne finanstransaksjonar (renter/avdrag)	0,2
Andre generelle statstilskot	21,2
Interne finanstransaksjonar (bruk av fond/avsett til fond)	-7,3
SUM skatt, rammetilskot og finanstransaksjonar	12,8
For lite sett av til disposisjonsfond (havbruksinntektene)	4,1

Endring fond

Detaljert oversikt over avsetnad og bruk av driftsfond (disposisjonsfond og bundne driftsfond) følgjer av note 6 i årsrekneskapen. Disposisjonsfonda vart auka med 27,1 mill kroner til 72,5 mill kr. Bundne driftsfond vart redusert med 0,6 mill. kroner i 2018 mens ubunde investeringsfond vart redusert med 3,8 mill.kr. Ved årsskiftet utgjorde bundne driftsfond 7,3 mill. kroner. Ubundne investeringsfond var på 6,3 mill kr, bundne investeringsfond utgjorde 3,6 mill kr.

Investeringar

Fordeling av investeringsmidlane mellom seksjonane følgjer av rekneskapskjema 2B i årsrekneskapen. For ytterlegare informasjon om status på pågåande og avslutta investeringsprosjekt, sjå note 15 og oversyn over investeringsprosjekt i årsrekneskapen.

Arbeidskapital/likviditet

Tabellen under syner utviklinga i arbeidskapitalen i kommunen dei siste 5 åra. Arbeidskapitalen er definert som omlaupsmidlar minus kortsiktig gjeld, og denne fortel korleis utviklinga i likviditeten har vore.

	2018	2017	2016	2015	2014
<i>Omlaupsmidler:</i>					
Endring betalingsmidlar	-18 368	-13 105	48 143	26 312	-10 698
Endring kortsiktige krav	16 018	13 452	11 600	-8 415	8 477
Endring premieavvik	6 653	1 275	-3 130	-17 177	-712
Endring omlaupsmidler	4 303	1 622	56 613	720	-2 933
<i>Kortsiktig gjeld:</i>					
Endring kortsiktig gjeld	-1 209	-6 856	30 064	-39 886	32 627
Endring arbeidskapital (balansen)	5 512	8 478	26 549	40 606	-35 560

I oppsettet over endring arbeidskapital er endring av premieavvik teke med. Endringa i premieavviket er ikkje kortsiktig likviditetsoppbygging då denne skal fordelast over 15 år/10 år/7 år. Kommunen sin arbeidskapital har blitt styrka i 2018. Ved årsskiftet er arbeidskapitalen 83,8 mill. kr. inkl. premieavviket, reell likviditet ekskl. premieavvik er 44,1 mill. kr.

Tabellen under syner korleis dei likvide midlane har utvikla seg dei siste åra. Desse er sett opp mot netto kortsiktig gjeld – kortsiktige krav ekskl. premieavviket.

	2018	2017	2016	2015	2014
Bankinnskot	73 990	92 357	105 462	57 320	31 007
Skattetrekksmidler	17 660	17 737	16 454	15 804	15 896
Disponible bankinnskot	56 330	74 620	89 008	41 516	15 111
Ubrukte lånemidler	2 579	18 999	13 189	25 175	3 875
Kjernelikviditet	53 751	55 621	75 819	16 341	11 236
Kortsiktig krav- premieavvik – kortsiktig gjeld+skattetrekksgjeld	-9 624	-26 774	-64 818	-30 550	-61 927
Sum overskotslikviditet	44 127	28 847	27 938	-14 209	-50 691

Låneporteføljen – årsrapport i samsvar med finansreglementet

Låneporteføljen har eit samla volum på 860 mill. kr ved årsskiftet. Av samla lånevolum utgjør fastrentedelen 68%. Låna er i all hovudsak etablert med lang løpetid og dette medfører låg refinansieringsrisiko. Gjennomsnittleg porteføljerente er 2,49%. Kommunen sitt finansreglement har ikkje vore brote i perioden og dei interne rutiane for etterleving av finansreglementet er følgt. Utviklinga i låneporteføljen i 2018 går fram av tabell under samanhalde mot finansreglementet.

Nøkkeltal lånegjeld Hovudtal	Vedtekne	Pr 01 01	Pr 30 04	Pr 31 08	Pr 31 12
	rammer	2018	2018	2018	2018
Brutto lånegjeld (i heile mill. kr)		824	833	831	860
Netto renteutsatt balanse					
Antall lån		41	42	42	43
Gjennomsnittleg rente i porteføljen siste 12 mnd		2,51 %	2,47 %	2,47 %	2,49 %
Gjennomsnittleg flytande rente i porteføljen		1,52 %	1,65 %	1,65 %	1,76 %
Motpartsrisiko					
Største långjevar		Kommunalbanken			
Største långjevar sin andel av total gjeld		88,0 %	87,0 %	87,1 %	88,0 %
Største enkeltlån	35 %	16,8 %	16,6 %	16,6 %	16,0 %
Renterisiko					
Swapvolum (finansielle instrument) (i heile mill.)		225	225	225	175
Finansielle instrumentar sin andel av total gjeld		27,3 %	27,0 %	27,0 %	20,3 %
Andel fast rente	Min 25	71 %	70 %	70 %	68 %
Andel flytande rente	Min 25	29 %	30 %	30 %	32 %
Gjennomsnittleg durasjon	Maks 5 år	2,06	1,8	1,8	1,5
Lengste rentebindingstid i heile år	10	6	6	6	5
Refinansieringsrisiko					
Gjennomsnittleg løpetid		8,8	8,5	8,0	7,6
Andel refinansiering innan 12 månader	Maks 40%	0,0 %	16,6 %	16,6 %	16,0 %
Storleik refinansiering innan 12 månader (heile mill.)		0	138	138	138

Samansetning av låneporteføljen

Samla langsiktig lånevolum ved årsskiftet var 860 millionar kroner, ein auke på 36 mill. kr frå 2017. Långjevarar er:

Långjevar	2018	2017	Andel 2018
Kommunalbanken	756	725	0,88
KLP	15	15	0,02
Husbanken	89	84	0,10
(tal i mill kr)	860	824	1,00

Endringar i låneporteføljen/risikoeksponering i 2018

Nye langsiktige lån/avdrag

Følgjande låneopptak er gjennomført i 2018 (tal i heile 1000 kr):

Kommunalbanken	kr 54 768
Husbanken	kr 10 000
<u>Sum</u>	<u>kr 64 768</u>

Låneopptaka er tatt opp i samsvar med vedteke budsjett for 2018 samt tillegglån etter vedtak i revidert budsjett. Lån i kommunalbanken er tatt opp som eit 3 års fastrentelån med forfall etter 3 år. Rentevilkåra er 1,967%. Husbanklånet er tatt opp til flytande rente til husbanklånvilkår med løpetid 20 år.

Det er betalt avdrag på følgjande lån: (tal i heile 1000 kr)


Kommunalbanken lån	kr	23 257
Husbanken (samla)	kr	4 882

Refinansiering/ending i risikoeksponeringa

Rentebytteavtale på 50 mill. kr gjekk ut 18.12.2018. Renta på denne var fastrente 4,0175% i bytte mot flytande 3 mnd. Nibor. Rentevilkåra etter 19.12.2018 er 3 mnd nibor + 0,60%.

Finansiell risiko i låneporteføljen


Diagramma nedanfor viser fordeling av kapitalbinding og rentebinding per rullerande år.



Kapitalbinding gir eit bilde av den samla porteføljen sin gjeldsstruktur (berre kapitalen, ikkje rentene). Det vert teke omsyn til avdragsstrukturen. T.d. har eit avdragsfritt 10 års lån ved oppstart ei kapitalbinding på 10. Har derimot same lån serieavdrag ned til null etter 10 år, vert kapitalbindingen halvert til 5.

Ein stor andel kort kapitalbinding indikerer at store deler av porteføljen snart kjem til forfall og må refinansierast eller innløysast innan kort tid. 16,7% av låneporteføljen kjem til forfall i 2019, 138,3 mill. kr må refinansierast dette året. Risikoen vert vurdert som handterbar.

Rentebinding gir eit bilete av den samla porteføljen sin rentestruktur (berre rentene, ikkje gjelda). Det vert teke omsyn til avdragsstrukturen. T.d. har eit avdragsfritt 10 års lån ved oppstart ei kapitalbinding på 10. Har derimot same lån serieavdrag ned til null etter 10 år, vert kapitalbindingen halvert til 5.



Lån med flytande rente har rentebinding mindre enn 1 år. Ein stor andel kort rentebinding eksponerer portefølja for endringar i rentemarknaden.

Gjeldsporteføljen sin gjennomsnittlege kapitalbinding er 7,6 år og den gjennomsnittlege rentebindinga er 1,5 år. I porteføljen har 16,6% ein kapitalbinding på 1 år eller mindre, og 53,1% har ein rentebinding på 1 år eller mindre. Utan derivater hadde 67,6% av porteføljen hatt ei rentebinding på 1 år eller kortare.

Gjennomsnittleg durasjon (lengd) i låneporteføljen er 1,5 år (Finansreglementet sitt krav innanfor 0 -5 år) og rentekjensla (seier kva kursendringa vert ved renteendringar) er 2,0%.


Strategi for rentesikringar

Bruken av rentesikring er heimla i kommunen sitt finansreglement. Kommunen har tidlegare nytta rentesikringar (rente-swappar) for å skape føreseieleg og stabile renteutgifter. All etablering av rentesikring skjer i samsvar med intern strategi for innlån og rentesikring. Hovudføresetnaden er at alle rentesikringar skjer med lang tidshorisont og at dei vil bli haldne til forfall (som anleggsmiddel).

Fastrente

Figuren under syner kommunen sine fastrenter og forfall på desse.

Kommunen har 338 mill kr i fastrente som kjem til forfall innan juni 2020.



Verdi på låneporteføljen og rentesikringar

Alle låna (utanom husbanklån) som har flytande rente har renteregulering kvar 3. måned på IMM dato (3. onsdag i månadane mars, juni, september og desember) Marknadsskursen på desse låna vil difor i all hovudsak vere omkring pålydande verdi.

Når det gjeld fastrenteposisjonane (renteswappar) var dei verdt null ved avtaleinngåinga. Marknadsverdien av fastrenteposisjonane vil etter avtaleinngåinga svinge i takt med marknadsutviklinga for tilsvarende rentebindingar. Ved utløp av bindingsperioden vil marknadsverdien igjen vere null. Berekingar ved siste årsskifte syner at marknadsverdien av løpande fastrenter er negative med 7,5 mill. kr. (overkurs). Dette skuldast at fastrentenivåa har falt betydeleg sidan avtaleinngåinga:

Ved utløp av rentebindingsperioden ("sluttdato") vil marknadsverdien være lik pålydande ("volum").

Avvik mellom faktisk forvaltning og krav i finansreglementet


Ingen reglar i finansreglementet er brotne og det har ikkje vore avvik frå dette i 2018.

Vurdering og handtering av finansiell risiko

Kommunen vurderer jamnleg den finansielle risikoen. Det gjennomførast også slik vurdering i forkant av alle porteføljetilpassingar (ved etablering av rentesikringar) og låneopptak. Den finansielle risiko, som består av fleire element, vert gjennomgått. Kommunen har etablert rutinar for å gå gjennom kvart av elementa under finansiell risiko. Vurdering av elementa er gjennomført og vurderinga er arkivert. Den finansielle risikoen blir vurdert å være tilfredsstillande, ønska og innanfor rammene i det vedtekne finansreglementet, intern låne-/sikringsstrategi, forskrift og gjeldande lov.

Renterisiko - Stresstest

Det vert utført ein såkalla stresstest på låneporteføljen ved å simulere ein parallell **renteoppgang på 2 prosentpoeng** over heile rentekurven. Føremålet med stresstesten er å måle effekten av eit forhandsdefinert marknadssjokk. Ein renteoppgang vil føre til auka rentekostnader og positiv kursendring på fastrenteposisjonane (fastrentene vil framstå som gunstigare etter ein renteoppgang).



Likviditet

Kommunen si kortsiktige likviditetsbeholdning var lågare enn i 2018. Det er to forhold som har ført til dette. Kommunen tok opp lån i desember, likviditetsbeholdninga dekket dermed investeringane. Kommunen fekk ein stor skattesvikt på slutten av året. Dette vart kompensert gjennom inntektsutjamninga, men dette vart utbetalt først etter nyttår.



Likvide midlar har vore plassert i bank i 2018.

I tabellen under er det korrigert for unytta lånemidlar, då desse skal brukast til investeringar og ikkje drift.


	2018	2017	2016
Likvide midlar 31.12	53 686	74 621	89 008
Unytta lånemidlar	-2 580	-18 999	-13 189
Likvide midlar til fri disposisjon	51 106	55 622	75 819

Nøkkeltal - rekneskapsanalyse

Nedanfor er utviklinga i ein del sentrale nøkkeltal presentert og kommentert. Dette er nøkkeltal som fortel korleis den økonomiske situasjonen har utvikla seg, og korleis resultatet i 2018 verkar inn på kommunen sin økonomiske handlefridom. Som det går fram av nøkkeltala så har kommunen betra si økonomiske stode i dei siste åra. Resultatet i 2018 vart vesentleg betre enn rekna med, noko som skuldast havbruksinntekter på 33,7 mill. kr.

Kommunen hadde eit netto driftsresultat på 2,4% (konserntala som inkluderer kommunale føretak og dei interkommunale selskap som kommunen er deleigar i så enda resultatet på 2,6%) Kommunen si økonomiske stode er framleis svak. Kommunen sin likviditet har betra seg dei siste åra. Likviditet og kommunen sine frie fondsavsetningar er fortsatt for små til å møte uføresette hendingar i eit driftsår. Dette heng saman med at kommunen sitt premieavvik utgjør ein stor del av dei frie disponible midlane.


Utvikling brutto driftsresultat 2011 – 2018



Brutto driftsresultat fortel noko om korleis drifta av kommunen eksklusiv finanspostar har gått. Avskrivningar er teke med i dette resultatelementet. Kommunen fekk eit positivt brutto driftsresultat på 34,1 mill. kroner, mot eit positivt brutto driftsresultat i 2017 på 9,6 mill. kroner. Havbruksinntektene bidrog med 33,5 mill. kr til resultatet.


Opphavleg budsjettert brutto driftsresultat var på 13,2 mill. kroner i 2017, revidert brutto driftsresultat var på 27,1 mill. kroner.

Utvikling netto driftsresultat 2011-2018




Netto driftsresultat seier noko om korleis drifta av kommunen har gått. Finanstransaksjonane inklusiv avskrivningar var på netto -10,4 mill. kroner. Kommunen fekk såleis eit netto driftsresultat på 23,7 mill. kroner. I 2017 var netto driftsresultat 3,3 mill. kroner. Netto premieavvik inkl amortisering av tidlegare års avvik er inntektsført med 6,6 mill. kr i 2018. Budsjettert netto driftsresultat for 2018 var 16,7 mill. kroner. Kommunen fekk eit resultat som vart betre enn budsjettert.

Netto driftsresultat i % av driftsinntektene 2011-2018




Teknisk berekningsutval tilrår at netto driftsresultatet målt mot sum driftsinntekter bør utgjera 1,75% over tid for at ein kommune skal ha ein sunn økonomi. Kommunen nådde målet i 2018. Kommunen oppnådde eit resultat på 2,4%, mykje takka vere inntekter frå havbruksfondet.

Utvikling i skatteinntekter og rammeoverføringer 2012–2018



Dei frie inntektene, dvs. inntektsskatt, eigedomsskatt, inntektsutjamning og andre rammetilskot har ein reell nedgang i 2018. Nominell auke er på 1,86%, kommunal deflator (prisvekst) var på 2,6%. Forskjellen her utgjer omlag 5 mill. kr. Den svake inntektsveksten i 2018 heng saman med svak lokal skatteinngang dette året. Skatteinngang i 2018 utgjorde berre 81% av landsgjennomsnittet og trass i god skatteinngang for landet så enda kommunen på 94,4% i skatt og inntektsutjamnande tilskot. I tillegg så er det frå 2018 full verknad av omlegginga av inntektssystemet som påførte kommunen redusert rammetilskot på 13 mill. kr

Utvikling i brutto driftsutgifter (inkl. løn)




Brutto driftsutgifter i 2018 utgjorde 951 mill. kroner. Dette var ein auke på 4,2 % i høve til 2017 og utgjer 38,7 mill. kroner som fordeler seg slik:

Lønsutgifter, sosiale utgifter	19,1 mill
Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon:	1,6 mill
Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon:	4,0 mill
Overføringar:	3,4 mill
Avskrivningar:	1,2 mill
Fordelte utgifter:	9,4 mill

Utgiftsveksten er større enn veksten i dei frie inntektene, noko som mellom anna heng saman med aukte utgifter til barnehagar utover prisvekst på 3 mill. kr


Utvikling i brutto lønsutgifter (inkl. sosiale utgifter)



Brutto lønsutgifter inkl. sosiale utgifter utgjorde i 2018 620 mill. kroner. Dette var ein auke på 19,1 mill. kr eller på 3,2 % i høve til 2017. Lønsutgiftene utgjør 65% av kommunen sine utgifter.

Veksten i lønskostnadane var lågare enn førre år. Årslønsveksten i kommunesektoren iflg tal frå teknisk berekningsutval var på 2,9%.


Utvikling av netto rente- og avdragskostnader i % av driftsinntekter



Netto rente- og avdragsutgifter auka med 5,3 mill. kroner i høve til 2018 og utgjorde til saman 40,9 mill. kroner. Netto rente- og avdragsutgifter utgjorde 4,2 % av driftsinntektene i 2018 mot 3,9 % i 2017.


Auken i 2018 var på 15%. Rentene og avdraga vil auke i åra framover grunna stort låneopptak i samband med bygging av ny ungdomsskule og symjehall.

Utvikling lånegjeld i % av driftsinntektene




Pr. 31.12.18 utgjorde brutto kommunal lånegjeld 87,4% av driftsinntektene. I denne andelen er ikkje gjelda i dei kommunale selskapa teke med. Lånegjelda er difor høg. Veksten i lånegjelda har vore stor i 2016 og 2017. I 2018 gjekk lånegjelda noko ned målt mot driftsinntektene. Havbruksfondsinntektene auka inntektene med 33,5 mill. kr utover eit normal år og er ein del av forklaringa.

Utvikling brutto langsiktig gjeld (forfall > 1 år) (ekskl. pensjonsforplikting)



Kommunen si lånegjeld var ved utgangen av 2018 860 mill. kroner. Dette er ein auke på 4,5% frå 2017. Lånegjelda har auka med 33% dei tre siste åra. Det er bygginga av ungdomsskule og symjehall som i hovudsak har medført denne auka opplåninga.

Brutto investeringar i % av driftsinntektene




Kommunen hadde høge investeringskostnader i 2016 og 2017, men noko lågare i 2018. Ferdigstillinga av ungdomsskule og symjehall våren 2018 er ein grunn til dette. Dei største investeringane utover dette er oppkjøp av eigedom i tilknytning til industriområde i Rubbestadneset, samt nytt SFO-bygg ved Foldrøy skule.

Utvikling av disposisjonsfond i % av driftsinntektene



Kommunen sitt disposisjonsfond, var tilnærma 0 i 2014 men utgjer kr 72,5 mill. kr i 2018. 1% av omsetninga utgjer dette 7,4%. Disposisjonsfondet er no større enn premieavviket. Forskjellen utgjer 35,5 mill. kr. eller 3,6% av omsetninga. Kommunen er difor betre rusta til å møte svingingar i økonomien. Sjå elles grafen under.

Utvikling fond - premieavvik



Utvikling av den totale egenkapitalen (inkl. kapitalkonto)



Etter flere år med negativ egenkapital har kommunen sin egenkapital blitt styrka dei siste 3 åra.



Bømlo kommune sin befolkning veks med tilskot frå fleire ulike nasjonar.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Folketalsutvikling i Bømlo kommune 2012-2018

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Folketalet 1. januar	11 638	11 749	11 761	11 778	11 806	11 902
Fødde	142	147	127	136	122	110
Døde	99	95	99	84	79	108
Fødselsoverskot	43	52	28	52	43	2
Innflytting	464	392	436	440	420	396
Utflytting	395	436	454	463	369	339
- herav innflytting frå utlandet	157	129	139	148	90	81
- herav utflytting til utlandet	29	48	49	61	51	20
Netttilflytting inkl. inn- og utvandring	69	-44	-18	-23	51	57
Forsinking i meldinger- inkl. i tilvekst	-1	4	7	-1	2	-1
Folketilvekst	111	12	17	28	96	58
Folketalet 31.12.	11 749	11 761	11 778	11 806	11 902	11 960

Tabellen viser at Bømlo kommune i 2018 hadde fødselsoverskot på berre 2, noko som er det lågaste på fleire år. Dette heng saman med få barnefødsalar og fleire dødsfall. Det er fortsatt nettoinnflyttinga frå utlandet som er den sterkaste drivaren for folketalveksten i kommunen.

Premieavvik/tilleggslyving/ikkje fordelte postar

Økonomisk resultat

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik
PREMIEAVVIK, PENSJON	-19 896	-18 728	1 168
ÅRETS LØNSOPPGJER - AVSETNAD	-720	-219	501
	-20 616	-9 151	1 670


Tenester/oppgåver:

Årets premieavvik/bruk av premiefond og årets avsetnad til lønsoppgjer/overheng som vert fordelt ut til seksjonane i løpet av året vert ført under dette rammeområdet. Kommunen sine pensjonsutgifter vart samla sett noko lågare enn rekna med for 2018. Verksemdene vart budsjettert med for høg premie og tilbakeføringa av denne er ført på sentral post inkl. arbeidsgjevaravgift med 1,2 mill. kr, slik at netto utgifter/kostnad til pensjon hadde ei sparing på 1,2 mill. kr.

Dei lokale forhandlingane med utdanningsforbundet gjekk til sentral nemnd. Det vart sett av 0,72 mill. kr. til dekning av lønsoppgjer for lærarane i kommunen i 2017 og dette vart inntektsført i 2018 som ein del av lønsoppgjersposten. Dermed vart det eit mindreforbruk på denne avsetninga i 2018.

Premieavvik

Kommunen har pr 31.12 opparbeida seg eit premieavvik på 37,2 mill. kr. Dette er ein auke frå 2017 på 6,6 mill. kr. Premieavviket skal nedbetalast kvart år fram til 2025. Premieavviket utgjir 3,6% av driftsinntektene, landsgjennomsnittet er på 5,8%.



Folkehelse – «Helsefremjande lokalsamfunn»



Turløyper i folk sitt nærmiljø er viktige folkehelsefremjande tiltak. (Foto: Aagash Selva - nærmiljøfilmprosjektet)

Oversiktsdokumentet for folkehelse i Bømlo kommune har tre fokusområder:

- 1. Sikre sunne og trygge oppvekstmiljø**
- 2. Hindre aukande sosioøkonomiske skilnader og fattigdom**
- 3. Heilskapleg strategi for å møte trongen for helse- og omsorgstenester i framtida**

Kommuneoverlegen og folkehelsekoordinator har i 2018 gjennomført fleire eigne tiltak og fellestiltak der samarbeid og medverknad på tvers innad i kommuneorganisasjonen og ut mot friviljuge lag og organisasjonar har vore sentralt. Likeså samarbeid med fylkeskommunalt og statleg nivå. Dette gjeld ikkje minst siste år i Nærmiljøprosjektet, forskingsamarbeidet om «Helseteam for eldre i Bømlo kommune» med FOUSAM og planlegging av forskingsprosjekt om fallførebygging. Det er også gjennomført treff for alle 75 åringar i deira bygd i samarbeid med friskliv/LMS (læring og meistringstilbod), heimetenesta og personell med ansvar for brannførebygging.

Grendautvala som representantar for bygdene sine er politisk forankra i kommunestyret. Målet er at grenda-utvala skal ha særskilte roller i samband med diverse kommunale planar, og det var derfor naturleg at arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel involverte grendene i innspelsrunden. Folkehelsekoordinator og samfunnsplanleggar har gjennomført grendamøter i lag med kommunen sine 12 grendautval for å få innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS).

Arbeidet var og knytt til siste år i det nasjonale Helsefremjande nærmiljøprosjektet. Eit anna stort samarbeid med grendautvala var strandryddeaksjonen 6-8. april der 9,3 tonn avfall frå strandsona vart rydda. Her bidrog SIM med konteinrarar, sekker og hanskar på lokasjonar i heile kommunen.

I 2018 vart Bømlo kommune tatt opp i program for Folkehelsearbeid i kommunane som eitt av 6 prosjekt i Hordaland. Der er psykisk helse hos barn og unge eit viktig fokusområde. Prosjektet har eit 3 åreg løp.

Dei årvisse arrangementa Gøydagen for 2. klasse elevar, Verdensdagen for psykisk helse for alle i aldersgruppa 13-20 år og Dialogmøte med lag og organisasjonar vart arrangert med stor deltaking og var vellukka arrangement.

SENTRALE STYRINGSORGAN

Innleiing

Området omfattar politiske styringsorgan, politisk sekretariat, fellessekretariat og kundetorg, fellesutgifter, rådmann med rådmannsteam, forvaltning inkludert IKT og personal, økonomi, rekneskap og skatteoppkrevjaren, næring, fag og støtte og tillitsvalde – verneombod.

Økonomisk resultat 2018

	Rekneskap 2018	Revidert budsj. 2018	Opphav. budsj. 2018	Rekneskap 2017	Avvik 2018
1 Sentrale styringsorgan	47 182	17 993	47 646	45 964	811

Sentrale styringsorgan hadde eit mindreforbruk i 2018 på 0,8 mill. kr. 0,2 mill. kr av dette var knytt til politisk verksemd.

Kostra data administrasjon og politisk styring

	Bømlo 2016	Bømlo 2017	Bømlo 2018	Stord	Landet utan Oslo	Kost-ragruppe 11
Prioritet						
Netto driftsutg. til adm. og styring i prosent av totale netto driftsutgifter	5,9 %	5,9 %	5,9 %	5,7 %	6,9 %	7,1 %
Produktivitet						
Brutto driftsutgifter til adm. og styring i kr. pr. innb **)	4 190	4 392	4 575	4 582	5 189	5 652
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring i kr. pr. innb **)	304	309	286	192	395	468
** justert for behovstrong						

Det går fram av KOSTRA-tala at kommunen nyttar mindre til dei administrative tenestene samt til politisk styring enn landsgjennomsnittet og kommunane i vår kostragruppe.

Politiske styringsorgan

Politiske styringsorgan har 1,2 årsverk med fast årleg godtgjersle. I tillegg kjem godtgjersle til representantane i kommunestyret, formannskapet og utvala, samt driftskostnader. Kontrollutvalet og revisjon høyrer også innunder dette ansvaret. I 2018 har kommunestyret behandla 156 saker fordelt på 9 møter. Eit av møta var eit fellesmøte med nabokommunen Stord på Rubbestadneset med hovudtema attraktive lokalsamfunn. Formannskapet behandla 93 saker delt på 8 møte.

Kommunal leiing

Leiinga i kommunen består av rådmann, assisterande rådmann, kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett, og kommunalsjef helse, sosial og omsorg, økonomisjef og personalsjef. Sentrale oppgåver for leiinga er:

- Overordna strategisk leiing av Bømlo kommune
- Hovudansvar for saksførebuing til politiske utval og kommunestyre
- Hovudansvar for iverksetjing av politiske vedtak
- Hovudansvar for utarbeiding av budsjett og velferdsplan

- Hovudansvar for økonomisk oppfølging og resultatrapportering
- Hovudansvar for oppfølging og gjennomføring av avtalen om Inkluderande Arbeidsliv



Ordfører Odd Harald Hovland stod for den første borgarlege vigsla i Bømlo kommune den 26.1.2018. (Foto: Simon Knutsson Sortland).

Internkontroll/kvalitetsarbeid

I samsvar med kommunelova sine bestemmelser i §23 har rådmannen følgjande oppgaver:

«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organ er forsvarleg utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer og at den er gjenstand for betryggende kontroll».

Kvalitetsarbeid er ein kontinuerleg prosess, og må derfor ha kontinuerleg fokus i alle ledd i organisasjonen.

Rådmannen har to typar støttefunksjonar når det gjeld kvalitetsarbeid:

- Kvalitetsutvalet, som består av strategisk leiargruppe, har til hovudoppgåve å hjelpa rådmannen på overordna nivå i det førebyggjande og kvalitetsfremjande arbeidet i kommunen.
- Kvalitetsgrupper i kvar av seksjonane, som er leia av medlemmer i kvalitetsutvalet, skal ta i vare seksjonen og underliggjande verksemder sine behov for koordinering av arbeidet med kvalitet.

Både kvalitetsutvalet og kvalitetsgruppene i kvar seksjon har møteplan med møte 4 gonger i året.

Som del av kvalitetsarbeidet i kommunen sender rådmannen ut halvårlege informasjonsskriv til alle tilsette i kommunen. Det vert samtidig sendt ut eige informasjonsskriv til leiarar. Desse informasjonsskriva vert lagt i kvalitetsstyringssystemet.

Bømlo kommune har eit kvalitetsstyringssystem som er eit godt og nyttig hjelpemiddel når det gjeld kvalitetsarbeidet i kommunen, og som også er medverkande til at rådmannen skal kunna oppfylle krava nedfelt i Kommunelova §23.2. Kvalitetsstyringssystemet er det einaste (fag)systemet alle tilsette i kommunen har tilgang til. Kvalitetsstyringssystemet er rollestyrt, noko som gir ulike funksjonar (rollar) ulik tilgang, og er tilpassa funksjonen sitt ansvarsområde. Bruk av roller gjer at systemet er personuavhengig, og er det skifte i ein funksjon er det enkelt å setja ny person inn i rolla.

Kvalitetsstyringssystemet består av fleire modular, m.a. dokumentbibliotek der det ligg styrande dokument, årshjulmodul, avviksmodule for å melda avvik, forslagskasse for forbetningsforslag og leiarane har tilgang til å handsama avvik og dei har ein rapporteringsmodul for økonomirapportering.

Dei dokument/skjema som publikum skal ha tilgang til, vert lagt på kommunen si nettside og det vert lagt lenke frå kvalitetsstyringssystemet til nettsida, slik at nokon «eig» dokument eller skjema på nettsida.

Avvik

Bømlo kommune sin definisjon av avvik er følgjande:

”Uønskete hendingar og/eller brot på kvalitetskrav, sett i forhold til gjeldande lover, forskrifter, prosedyrar eller rutinar.”

Avviksmeldingar og handtering av avvik er ein viktig læring og del av kommunen sitt forbetningsarbeid. Avviksregistrering har altså som formål å forbetra tenestene, men er også dokumentasjon når det skjer uønskete hendingar og avvik.

Alle tilsette vert oppmoda om å melda avvik, og terskelen skal vera låg for å senda avviksmelding. Tilsette har lovpålagt medverknadsplikt, jf. Arbeidsmiljøvernlova §§2-3 og 2-4 der det m.a. står at alle tilsette har medverknadsplikt og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen

Avviket går til næraste leiar, og avviksmeldar kan følgja med på avviket og kan på den måten følgja med i loggen på avviket kven som les avviket, legg kommentar m.m. Det vert laga avviksstatistikkar som blir drøfta i rådmannen si leiargruppe, kommunalsjefane sine leiargrupper og i AMU.

AMU får informasjon om HMS avvik, som er hendingar og situasjonar knytt til helsa, miljøet og tryggleiken til dei tilsette, og hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljø på arbeidsplassen, t.d. skade på tilsett.

Det har vore nedgang i melde avvik i kommunen i 2018, samanlikna med 2017. Nedgangen i avvik for 2018 er ikkje så stor, men det er likevel grunn til uro då det har vore ei jamn auke i melde avvik frå kvalitetsstyringssystemet vart tatt i bruk i 2012 og fram til og med 2017.

I 2018 var det ei auke i melde avvik i månadane januar t.o.m. mai, i tillegg til auke i august, medan resten av månadane har hatt nedgang i melde avvik i 2018 samanlikna med 2017. Totalt vart det i 2017 meld 1028 avvik, medan det i 2018 vart meld 1004 avvik.

Nedgangen er primært i hovudkategori «HMS for tilsette» (kategorien som gjeld hendingar og situasjonar knytt til helsa, miljøet eller tryggleiken til dei tilsette. Vidare også hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljø på arbeidsplassen, t.d. skade på utstyr, miljøutslepp, skade på tilsett osv.).

I hovudkategori «organisasjon/internt» (kategorien som gjeld hendingar og situasjonar knytt til interne forhold på arbeidsplassen, t.d. samarbeid, organisering, avtalar osv.) har det vore ei auke i avviksmeldingar.

Hovudkategorien «teneste/brukar» (kategorien som gjeld hendingar og situasjonar som vedkjem tenestemottakarar, t.d. elevar, pasientar og liknande) har hatt ei lita nedgang i melde avvik i 2018 samanlikna med 2017.

Det har vore ei auke i avvik som er meld til eksterne samarbeidspartnarar som kommunen har samarbeidsavtale med. I hovudsak er dette avvik til Helse Fonna, og i 2017 vart det meld 8 avvik, medan det i 2018 vart meld 14 avvik.

Nedanfor er ei oversikt over melde avvik i 2018 samanlikna med 2017 og 2016. Eit avvik kan ha fleire kategoriar, slik at totalsummen ikkje vil vera summen av dei ymse kategoriane.

Total avviksmengd og fordeling hovudkategoriar															
	HSO ¹			OKI ²			SSO ³			TEK ⁴			BK ⁵ samla		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Totalt melde avvik	676	713	721	219	300	255	5	4	12	6	10	14	906	1027	1004
hovudkategori HMS	352	309	277	116	120	88	2	1	7	2	8	10	472	438	383
hovudkategori organisasjon/-internt	51	69	105	12	51	47	3	2	5	2	3	5	68	125	162
hovudkategori teneste/brukar	435	456	471	125	185	164	0	2	3	4	1	0	564	644	639
hovudkategori eksterne samarb.partnerar	12	9	18	0	1	2	0	0	0	0	0	0	12	10	20

¹ HSO = Seksjonen helse, sosial og omsorg

² OKI = Seksjonen oppvekst, kultur og idrett

³ SSO = Sentrale styringsorgan (rådmannens rådgjevarar, avdelingane IKT, fellessekretariat, personal og økonomi)

⁴ TEK = Teknisk avdeling inkl. teknisk drift, og i tillegg BOR = Brann og redning

⁵ BK = Bømlo kommune

Statistikken som visar fordeling av underkategoriar innan hovudkategori HMS visar at det totalt i kommunen har vore endringar i avvik som gjeld arbeidsmiljøet; i 2016 vart det meld 131 avvik, men dette talet vart redusert til 95 i 2017 medan det i 2018 har blitt meld 111 avvik som gjeld arbeidsmiljøet. Nesten uhell har hatt ei liten auke, medan talet på melde ulukke/skade ligg på same nivå som i 2017. Avvik som gjeld vald og truslar har gått nedover sidan 2016. Avvik som gjeld det ytre miljøet ligg ganske jamt med 2017 og 2016.

Beredskap

Grunnlaget for kommunal beredskap finn me m.a. i i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelses-tiltak, Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven), forskrift om kommunal beredskapsplikt samt veiledning til forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Kommunen ønskjer å ha høgt fokus på beredskap. I beredskapssamanheng vil alltid liv og helse ha høgast prioritet, men det er eit mål at beredskapsorganisasjonen i alle faser, også vanleg driftsfase, har som mål å sikre materielle verdier.

Beredskapsdokument ligg i kvalitetsstyringssystemet og er dermed tilgjengeleg for alle tilsette. Å vera kjende med kva ein skal gjera, både som førebyggjande tiltak og skadeavgrensande tiltak, er i seg sjølv positivt i forhold til beredskap og samfunnstryggleik. Aktivt bruk av avvikssystemet der avvik relatert til beredskap og/eller samfunnstryggleik kan vera med å setja fokus på forbetningsområde med omsyn til beredskap og/eller samfunnstryggleik. Avvika kan også bidra til førebygging og vera konsekvensreduserande i forhold til beredskapsverdiane; menneske sitt liv/helse, ytre miljø, økonomiske verdier, omdømmet.

Beredskapsdokumenta er under revisjon, og overordna beredskapsplan – administrativ del vart godkjend av kommunestyret i desember 2018. Beredskapsplanane for strategisk nivå, operasjonell krisestab og taktisk nivå er i slutfasen av ny versjon.

Kommunen har eit system for befolkningsvarsling der varsel til innbyggjarane kan skje via talemeldingar til fasttelefon og mobiltelefon og/eller sms. Dette varslingsystemet har og gruppevarsling der det er laga gruppe, t.d. kommunal kriseleing, verksemdsleiarar, slik at det er enkelt å senda sms og/eller talemelding til desse. Alle grunnskulane i Bømlo har tovegs varslingsystem slik at det er enkelt for skulane å senda meldingar til føresette og også til elevar i ungdomsskulen.

Kommunen har i 2018 kjøpt inn 3 stk naudnett-terminalar til bruk for den kommunale beredskapsleinga, og det har vore representantar på instruktørkurs slik at kommunen sjølv er i stand til å læra opp aktuelle interne brukarar av naudnett.

*Skrivebordsøving på befolkningsvarsling november 2018.
(Foto: Simon K. Sortland)*



Øvingar

Øvingar er viktig i forhold til både å vera kjend med eigne oppgåver i ein beredskapssituasjon, men også for å øva på ymse hendingar som kan skje. Det er utarbeidd øvingsplan for kommunen, slik at rådmannen sikrar at det vert gjennomført øvingar og at desse har ein viss systematikk.

Einkvar øving skal ha eit mål og eventuelle delmål, øvinga skal planleggjast for at deltakarane får best mogleg utbytte og det skal gjennomførast evaluering i etterkant for å bringe på det reine kva som fungerte bra/tilfredsstillande og kva som er forbetringspotensiale – samt å lage ei liste over forbetringstiltak. Øvingsrapport etter øving vert lagt i kvalitetsstyringssystemet.


I 2018 har det vore gjennomført ein del øvingar, både ute i verksemdene og meir overordna øvingar. Under er det lista opp nokre av øvingane som vart gjennomført i løpet av 2018:

- Verksemdene gjennomførte brann- og evakueringøvingar
- Februar 2018: Speløving med tema «storulukke». Øvinga var knytt opp mot helse- og sosialberedskapsplanen. Deltakarar i speløvinga var legane i Bømlo, Sunnhordland interkommunale legevakt, ambulansestasjonen Bømlo, Bømlo brann og redning, samt at AMK sentralen i Helse Fonna stod for utalarmering og øvingsleinga hadde kontakt med Sør-Vest politidistrikt for tildeling av talegruppe i naudnett.
- Mars 2018: Brann- og evakueringsøving kommunestyret
Øvinga var svært reell då dette var ei øving som var ukjend for kommunestyret og kommunen sine tilsette. Det var berre 3 personar som planla øvinga som visste om øvinga.

Heller ikkje Bømlo brann og redning visste at dette var ei øving, og det vart brukt rikeleg røyk som gjorde at situasjonen vart reell.

Øvinga fekk merksemd i lokalavisa, på lokalavisa og kommunen sine Facebooksider og på "Brannpraten"; ei nasjonal Facebookside for brannfolk.

Bømlo kommune vart på denne måten «landskjend» og har fått mykje skryt, m.a. frå DSB, for at ein gjennomførte brann- og evakueringsøving med politikarane som sat i kommunestyremøte.



Kommunestyret vart evakuert

Kommunestyret vart evakuert då brannalarmen gjekk måndag kveld.

19.03.2018 kl 19:45 (Oppdatert 20.03.2018 kl 11:32)




Brannalarmen gjekk i rådhuset like før klokka 19 måndag kveld. Kommunestyret som hadde møte i kommunestyresalen vart evakuert. Kommunalsjef Kjell Magnar Mellesdal delte ut pledd til kommunestyrerepresentantane som stod på oppmøteplassen på øvste parkeringsplass.

LES OGSÅ

Kulturhuset fekk ros av brannvesenet

Bømlo brann og redning var på plassen kort tid etter, og røykdykkarar gjekk inn i rådhuset. Ein mann vart henta ut på bære. Dette var ikkje snakk om ein debatt som bokstaveleg tala tok fyr, men ei planlagt øving. Med unnatak av brannsjef Ove Halleraker var det ingen i kommunestyret som visste om at det skulle vere øving. Dette var såleis ei god øving både for brannvesenet og for våre folkevalde.



Brannøving i rådhuset: Brannøving i rådhuset. Røykdykkarane gjer seg klare til å gå inn. (Foto: Håvard Hammarstrøm)



- Juni 2018: Kommunal kriseleiing deltok i Fylkesmannen si øving «Øving Lyneld», som var ei varslingsøving og der kommunal kriseleiing fekk eit scenario dei skulle løysa på papiret.

- Juli 2018: Øving i bruk av kommunen sitt program for befolkningsvarsling og i bruk av DSB sitt skogbrannskart.
Sommaren 2018 var svært tørr og sannsynet for å få ein lyng- og/eller skogbrann var svært stor. Det er viktig å gjennomføra jamlege øvingar, og spesielt viktig når sannsynet for ei hending er stor.
- Desember 2018:
 - Fylkesmannen gjennomførte sambandstrening med kommunane i bruk av satellitt-telefon og bruk av naudnett. Bømlo kommune deltok.
 - Ei varslingsøving vart gjennomført og m.a. kommunal kriseleing, psykososialt kriseteam, rådgjevarar i rådmannen sin stab, verksemdsleiarar m.fl. fekk tilsendt melding som dei skulle svara på. Det vart også simulert melding til innbyggjarar i kommunen.
 - Fylkesmannen gjennomførte ei varslingsøving som kommunen skulle svara på.

Økonomi

Økonomiavdelinga har tre hovudansvarsområder:

- Rekneskap, lønn, fakturering og innfordring
- Økonomistyring, budsjett og innkjøp
- Skatteoppkrevjaren

Samla har avdelinga 11,1 årsverk fordelt på 12 medarbeidarar. Avdelinga fører rekneskapen for kyrkjeleg fellesråd og Bømlo Kulturhus KF. I tillegg utfører avdelinga faktureringstenester for Stord og Fitjar kommune.

Tyngre innfordring vert utført av Lindorff på vegne av kommunen.

Skatteoppkrevjaren har samla krove inn og fordelt 1 421 mill. kr. til stat, kommune, fylkeskommune og folketrygda. Dette er ein reduksjon på 11 mill. kr. frå 2017. Kommunen sin del av dette utgjorde 295,9 mill. kr. i 2018, ein reduksjon på 6,2%.

Kommunen deltek i eit interkommunalt innkjøpssamarbeid med kommunane Kvinnherad, Tysnes, Fitjar og Stord. Saman finansierer desse kommunane 1,5 årsverk. I tillegg er Bømlo med i eit interkommunalt samarbeid om e-handel. Dette samarbeidet omfattar 20 kommunar i Sunnhordland, Hardanger og på Haugalandet. Bømlo kommune tok initiativ til dette samarbeidet og e-handelsressursen, som utgjør eit halvt årsverk, er knytt til økonomiavdelinga i kommunen.

Personal

Personalavdelinga har 3,5 årsverk. I tillegg administrerer dei lærlingkontraktane.

Hovudansvarsområde for personalavdelinga er å gi råd og rettleiing til verksemdene og tilsette i alle spørsmål som er knytt til personalområdet.

Personalsjef Vanja Espeland på Sunnhordlandstreff i Media City Bergen 2018. (Foto: Simon K. Sortland)



I tillegg har avdelinga ansvar for oppfølging i høve lov og avtaleverk og personalsaker på tvers av verksemdene. Sekretærfunksjonen for AMU ligg og til avdelinga. Avdelinga har eit særskilt ansvar for å vedlikehalda og utarbeida internt regelverk og rutinar innafor sitt fagområde.

IKT

IKT har fem tilsette samt ei engasjementstilling finansiert av oppvekst.

IKT-avdelinga er ein intern støttefunksjon med driftsansvar for alt kommunalt IKT-utstyr. I 2018 har det vore arbeidd aktivt gjennom oppgradering av utstyr og programvare med å redusera risikoen for driftsavbrot og nedetid for IKT-utstyr. Avdelinga driftar og sak- og arkivsystem for kommunane Fitjar, Haugesund, Stord og Tysvær. I 2018 vart det inngått avtale med Kvinnherad kommune om drift av deira sak – og arkivsystem.

Nærings- og samfunnsutvikling

Omstillinga av næringslivet har halde fram i 2018 og me ser teikn til større optimisme. Det er likevel mange signal på små marginar i handelsnæringa og det har derfor vore ein del aktørar som har meldt opphøyr. Sjølv om dette er ein trend i landet generelt er det grunn til uro.

Havbruksnæringa går likevel godt, og her har vore stabil og god sysselsetjing. Næringa i vårt område (gjeld store delar av Sør- Noreg) har ikkje fått bukt med lakselus og dermed har det ikkje blitt gitt nye konsesjonar i vårt område. Bømlo er likevel ein tung aktør på landsbasis med samla konsesjonar som utgjer 1,3 % av biomassen. Det er framleis låg aktivitet i offshorenæringa og lågt ratenivå. Det vil ta tid å stabilisere denne marknaden.

Primærnæringane fiske og jordbruk har hatt stabil utvikling i 2018. Fiske har hatt ei veldig god utvikling. Lite nedbør i vekstsesongen gav store utfordringar for landbruket.



Store og spennande planar for industriutvikling i Rubbestadneset, mellom anna med ny tørrdokk, skaut for alvor fart i 2018. (Foto: LOS Marine).

Det ser no ut for at me lukkast i arbeidet med å vidareutvikle industriområdet i Rubbestadneset. Det er utarbeidd ny reguleringsplan som gir gode rammer for ulike etableringar i området. Planen vart endeleg godkjend på nyåret i 2019. Unitech har starta med grunnarbeid på si tomt for teknologisenter og Los – gruppa arbeider med etablering av dokk.

Den tette dialogen mellom kommunen og lokale næringsaktørar på Langevåg for å sikre realisering av Bømlo fiskerihamn har halde fram i 2018. Me fekk ei avklaring gjennom vedtak av ny NTP, men det kjem først midlar i 2024. Etter denne avklaringa har me, i tett samarbeid med lokalt næringsliv, arbeidd med forskottering av oppstarten.

Reguleringsplanen for området krev at kulturminne vert kartlagt. Her har kommunen dialog med Universitetet i Bergen for å få realisert slik kartlegging. Eit forprosjekt er gjennomført i 2017 og kommunen har fått framlegg til korleis eit hovudprosjekt skal realiserast. Målet er at arbeidet med Kulturminne skal vere ferdig sommaren 2019.

Samarbeidet med Atheno om næringsutvikling har halde fram i 2018. Oppgåvene har vore knytt til etablererrettlegg og hjelp til gründarar. Atheno bidreg også i arbeidet med å få etablert fiskerihamna gjennom tett oppfølging av Bømlo Fiskerihamn AS.

Det har også i 2018 vore godt samarbeid med Bømlo Næringsråd med mange treffpunkt gjennom året. Ordføraren sin julelunsj, kor ordførar og kommunen si administrative leiing møter ulike næringsaktørar, var også godt besøkt i år. I 2018 var hovudinnlegget frå Sverre Meling jr. frå Maritimt forum. Her legg me elles opp til å orientere om kommunale prioriteringar og ha dialog om desse. Tre stortingsrepresentantar gav gode og interessante innlegg om lokale og sentrale utfordringar.

Me omtalte pilotprosjektet i årsmeldinga i fjor. No ligg det føre ein rapport frå det arbeidet som er gjort, kor ein skisserer korleis ein kan gjere skulen meir praktisk og korleis samarbeid kommune, fylkeskommune, skulane og næringsliv gjennom tett samarbeid også arbeidar tett for å sikre eit best mogleg vidaregåande skuletilbod på Bømlo. Målet er å sikre næringsliv og kommune konkurransedyktig og godt kvalifisert arbeidskraft.

Bømlo opplæringskontor vart etablert på slutten av året. Her er kommunen si opplæringsavdeling gått saman med næringslivet sitt opplæringskontor. Det er ved årsskiftet knytt nærare 70 lærlingar til kontoret.

*Christina Stølen vart tilsett som opplæringskoordinator for Bømlo Opplæringskontor – eit samarbeid om lærlingar mellom det private næringsliv og kommunen.
(Foto: Simon K. Sortland)*




Fellessekretariat og kundetorg

Fellessekretariatet er eit støtteapparat for administrasjonen og for politikarane. I tillegg tek dei seg av alkoholløyver og skjenkekontroll. Sekretariatet tar seg av all posthandtering til og frå kommunen. I tillegg legg dei til rette for og har ansvar for utsending av saker til kommunestyret, formannskapet og alle utval. Fellessekretariatet fungerer også som valsekretariat annan kvart år. Det kommunale arkivet ligg innunder dette ansvarsområde.

Kundetorget si oppgåve er å gi dei som oppsøker rådhuset god informasjon og rettleiing for alle ansvarsområde på rådhuset og kommunen elles. Kundetorget er i tillegg kommunen sitt turistkontor. Kundetorget har to arbeidsstasjonar. Forutan kundeverten så er der ein arbeidsplass for teknisk som er bemanna kvar dag. Fellessekretariat/kundetorg har til saman 5,7 stillingsheimlar.

OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT



Flotte fellesareal og bibliotek på Bremnes ungdomsskule.

(Foto: Magne Langåker/Sydvest)

Innleiing

Område 1.2 omfattar kommunale tenester retta spesielt mot barn og unge og utgjer 14 sjølvstendige verksemdar: 10 grunnskular, kulturskule, vaksenopplæring og folkebibliotek. I tillegg kjem barne- og familietenesta som inkluderer skulehelseteneste, helsestasjon, flyktinghelse, PPT, tiltaksteam inkl. sosiale tenester og avlastningstilbod. Kommunen har ingen offentlege barnehagar, men har 8 private barnehagar som i hovudsak vert finansierte av kommunale tilskot.

Det økonomiske resultatet for grunnskulane gjekk samla i minus med 1,3 mill. Kulturskulen, vaksenopplæringa, avlastningsbustaden og barne- og familietenesta gjekk med overskot. Dei største overskridingane finn ein på utbetaling til barnehagane og til Laurhammer bufellesskap.

Resultatet for barnevern enda opp med eit meirforbruk på 0,5 mill. Meirforbruket på barnehage er knytt til ein ekstraordinær auke i den statlege satsen.

Dei første åra

Bømlo kommune har hatt full barnehagedekning i mange år og andel barn i alderen 0-5 år i barnehage er høgare i Bømlo enn i landet sett under eitt. Barnetalet i barnehagane pr. 15.12.18 var 701, marginalt lågare enn på same tidspunkt i fjor. 13,8% av desse kjem frå minoritetsspråklege familiar.

Ordninga med kommunal kontantstønad for born mellom 2 og 3 år vart vidareført i 2018, men vart avvikla frå 01.01.19. Tilsaman 8 familiar har nytta seg av dette i året som har gått, noko som er ein nedgang samanlikna med 2017. 2 av desse familiare har minoritetsbakgrunn.

Auka kapasitet på kommunenivået har gitt svært gode resultat i form av tettare oppfølging og styring av barnehagane både knytt til rammer og innhald.

Barnehagetilbodet skal vere tufta på ei heilskapleg pedagogisk tilnærming til omsorg og læring og respekten for barndomen sin eigenverdi.



Det nye SFO Huset – til glede for Foldrøy skule og bygda.

(Foto: Simon K. Sortland)

Dei siste kvalitetsmeldingane for både skule og barnehage peikar på tidleg innsats og førebyggjande arbeid som nøklar til eit utdanningssystem som bidreg til sosial utjamning.

Bømlo kommune tek desse utfordringane på alvor. I 2018 har det blitt jobba med utarbeiding av ein kommunal, digital handlingsrettileiar for betre tverrfagleg innsats (BTI). Målet er å styrke arbeidet med tidleg innsats, involvere foreldre på ein god måte og unngå tenesteavbrot.

Det vert også satsa betydeleg på kompetanseutvikling og systemarbeid i samband med satsingane *Språkkommune* og *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*. Dette arbeidet har ført til auka samarbeid mellom barnehagar og grunnskular og etablering av fleire nettverk.

Brukarundersøkingar i barnehagane i Bømlo viser at foreldra er generelt godt nøgde med det tilbodet dei får – her ligg ein rett over det nasjonale snittet.

Også i 2018 har utbetalinga til sektoren vore langt høgare enn det rammetilskotet kommunen får for å finansiere området. Dette har samband med at kommunen berre har private barnehagar og derfor må nytta nasjonale satsar. Det er likevel slik at Bømlo ikkje lenger er dyrast på dette området om me samanliknar oss med andre Sunnhordlandskommunar. Heile barnehagesektoren har eit underskot på 4,5 millionar kroner.

Utviding av ordningane med gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling har medført stor auke i sakshandsaming for kommunen. Samstundes er dette gode og treffsikre tiltak som bidreg til at betalingsevne ikkje vert eit like stort hinder for å kunne delta i den viktige arenaen for leik og læring som barnehagen er.

Kommunen har auka sin tilsynsverksemde i 2018. Det har vore gjennomført tilsyn etter barnehagelova i 3 barnehagar. Her er det ingen avvik.

5 av barnehagane har pedagogdekning etter dagens normkrav, medan 3 av barnehagane har dispensasjon frå pedagognorma. Dette er grunna manglande søkjarar. Kommunen vil føra tilsyn på alle barnehagane hausten 2019, for å finna ut om krav til pedagog og vaksentettleik er stetta.

I Bømlo har barnehagane ope i snitt 10,3 timar per dag. Dette er over landssnitt. To av barnehagane har foreldrebetaling som ligg under makspris.

Grunnskule

I 2018 har kommunen jobba særskilt med to felles satsingar; Språkkommune og Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Satsingane inneber ekstern finansiering og kvalitets sikring, og starta hausten 2017. Dette forsterkar eksisterande innsats for å forbetre språk- og leseresultata, samt trivsel og arbeid mot mobbing.

Vidareføringa av den såkalla skulemiljøknappen gjer det enkelt å melde frå dersom ein har bekymringar knytt til skulemiljøet, og skulane må ivareta sin aktivitetsplikt for å medverke til at alle elevar har det trygt og godt på skulen. Målet er ikkje berre å unngå mobbing, men også krenkjande ord og handlingar som set elevane sin rett til eit godt skulemiljø i fare.



Praksis plass frå BVO i rådhuskantina. (Foto: Simon K. Sortland)

Aktivitetsplikta inneber vidare desse delpliktene;

- Plikt til å følgje med
- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å varsle
- Plikt til å undersøkje
- Plikt til å setje inn tiltak

Kommunen har hatt særskilt fokus på opplæring av skuleleiarar og tilsette for å ivareta nye lovkrav og ein har innført nye digitale varslingsystem og verktøy for å sikre forsvarleg handsaming av saker.

10 lærarar har gjennomført vidareutdanning i 2018 innanfor den nasjonale ordninga Kompetanse for kvalitet. 4 lærarar har også gjennomført delar av lærarspesialistvidareutdanning med statleg støtte. I tillegg har 3 lærarar fått finansiert si vidareutdanning etter kommunal ordning.

Det har også vore gjennomført omfattande etterutdanning (kurs, workshops, nettverk, osv.) for både lærarar og assistentar. Kompetansehevinga har i stor grad vore knytt til lese-/skriveopplæring og godt psykososialt miljø/arbeid mot mobbing.

Det har vore gjennomført fleire ombyggings- og restaurerings-prosjekt ved grunnskulane som har ført til forbetra inn klima og meir funksjonelle/moderne lokaler for både elevar og tilsette.

Bømlo vaksenopplæring – BVO

Bømlo vaksenopplæring gir kommunale tenester til vaksne som har rett/og eller plikt til opplæring ut frå Lov om introduksjonsordning, samt ut frå Opplæringslova kap 4. Oppdraget er å leggje til rette, slik at flest mogleg av deltakarane vert kvalifisert til vidare utdanning, arbeid og som deltakar i det norske samfunn.

Tilbodet omfattar:

- Introduksjonsprogrammet
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
- Yrkesretta norsk kurs
- Morsmålsstøtta lese- og skriveopplæring

- Eksamensretta grunnskuleopplæring for vaksne
- Spesialpedagogisk opplæring for vaksne
- Avvikling av alle nasjonale prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar
- Realkompetansevurdering
- Rådgivning og karriererettleiing
- Foreldrerettleiing (PMTO og ICDP)

BVO har gode resultat på norskprøvene og arbeidet med dette aukar. Kommunen kan no tilby prøvar 4 periodar i året. Statsborgarprøven og samfunnskunnskapsprøven tilbyr me kontinuerleg.

Heile 75% av deltakarane som avslutta introduksjonsprogrammet i 2018 gjekk direkte ut i ordinært arbeid eller utdanning på vidaregåande- eller høgskulenivå. Tiltak som aukar moglegheita for å tileigne seg formell kompetanse for våre deltakarar har også vore fokus i 2018.

BVO tilbyr også kurs for bedrifter. Dette kan vere t.d. datakurs eller lese- og skrivekurs. Ein tilbyr også norskurs for arbeidsinnvandrarakar.

I prosjektet jobbsjansen del C er det inngått ei form for lærlingkontrakt /fagbrev gjennom jobb i ulike verksemder i kommunen for 3 personar over 25 år. I samarbeid med *Haugaland Kjøreskole* har me fått til eit godt tilpassa system for flyktningar over 25 år som ynskjer å bli bussjåførar .

Integreringsmidlar

Kommunen busette 27 flyktningar i 2018. Dette er 2 meir enn oppmodingstalet frå IMDi. I tillegg kom 7 personar på familiesameining.

Alle dei ordinært busette er overføringsflyktningar frå Syria. Sidan desse kjem direkte til kommunen, utan å først bu i mottak og dermed starte prosessen med å tilpasse seg det norske samfunnet, opplever tenestene våre at integreringsutfordringane aukar. Mange kjem også frå krigsherja områder og har med seg traume som må bearbeidast.

Dei ulike tenestene har i utgangspunktet ei fast overføring i budsjettet. For einskilde med omfattande og varige hjelpebehov kan det vere aktuelt å søkje om særskilde tilskot.

Den største utgiftsposten, forutan overføring til skular, er finansiering av introduksjonsprogrammet. Her får brukarane løn. Denne ordninga vert administrert av vaksenopplæringa. Vidare vert det nytta midlar til arbeidet som NAV utfører.

Me finansierer helsetenester, tolketenester, tospråklege assistentar både i skule og barnehage og ikkje minst vert våre to innføringsklassar finansiert av desse midlane. Elles får kvar skule midlar frå dette ansvarsområdet ut frå kor mange born dei har med minoritetsspråkleg bakgrunn som treng særskild språkopplæring. Det vert også nytta litt midlar på skyss.

Bømlo kulturskule

Kulturskulen ivaretek eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne, så vel som kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse.

I 2018 har Bømlo kulturskule halde fram med arbeidet med implementering av ny rammeplan for kulturskulen i Noreg; «Mangfald og fordjuping». Rettleiingsprosjektet i lag med kommunane i Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS), vart avslutta våren 2018.

Ein viktig del av opplæringa er at elevane skal opptre/presentere produkta sine. I tillegg til sjølve undervisninga er det mange ulike arrangement i kulturskulen sin regi, som t.d. ulike opningar, kulturskuledagar i Mos-ter Amfi med konsertar og kunstutstilling, teater- og danseframсыningar, sommarkavalkade i kulturhuset, samt adventskonsertar i kyrkjene. Det er innslag frå alle disiplinlar.

Ved utgangen av 2018 var det om lag 470 elevplassar i kulturskulen. Det er ventelister i nokre fag, mens det er ledige elevplassar på fiolin, blåseinstrument og dans. Etableringa av ein 50% stilling som vokallærer har vore ein suksess, og det er eit ønskje om å styrke dette tilbudet framover. Kulturskulen deltek aktivt i prosessen med å planleggje for at Bømlo folkebibliotek vert inkludert i Bømlo kulturhus. Her ligg kanskje ein moglegheit for å etablere *skapande skrivning* som tilbod – eit fag kulturskulen ikkje har i dag.

Kultur, idrett og fritid

Bømlo kommune har eit rikt og mangfaldig kulturliv, så vel som ei spennande kulturhistorie, og arbeidet med ein kommunedelplan for kulturminne er no i siste fase.

Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken er begge nasjonale ordningar der målet er at henholdsvis grunnskuleelevar og eldre får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag.



Ny trimpark etablert i Rubbestadneset.

(Bilete frå Nærmiljøfilmen/Aagash Selva)

Det har i 2018 vore gjennomført framсыningar/opplevingar i lokal regi, samt at skulane har fått tatt del i Hordaland fylkeskommune sine turneproduksjonar, som har vore spelt på skulane og/eller i Bømlo kulturhus. Om lag 1700 elevar har delteke på desse ulike arrangementa.

Bømlo kommune sitt hovudarrangement innanfor den kulturelle spaserstokken, «I manns minne», samla i overkant av 200 besøkjande i Bømlo kulturhus. I tillegg har det vore arrangert fleire foredrag, kurs og samlingar knytt til lokalhistoriske tema rundt i heile kommunen. Ein har også hatt konsertar og framсыningar på institusjonane med ulike artistar.

Frå og med 2012 har kommunen gjennom ei eiga stønadsordning sikra at alle born under 12 år får fri tilgang til aktivitet i hall og denne ordninga vart vidareført i 2018.

Det blei utbetalt spelemidlar til ulike anlegg i regi av både lag og organisasjonar og kommunen i 2018. Bømlo symjehall opna i september 2018 og med det har Bømlo fått Sunnhordland sitt mest moderne symjeanlegg. Bømlo kommune har god anleggsdekning, og det er eit viktig førebyggjande arbeid som skjer i laga gjennom heile året.

Ungdomsklubbane på Langevåg og Moster blei vidareført i 2018, og har gode besøkstal. Målgruppa her er ungdom mellom 13–19 år.

Kommunen har som mål å ha tett dialog med lag og organisasjonar både samla og kvar for seg. Etablering av faste dialogmøte og prosjektutvikling knytt til frivilligheit med høve for ekstern finansiering er nokre av tiltaka det har vore jobba med. Folkehelseprosjektet «helsefremjande lokalsamfunn» som vart avslutta i 2018, er eit godt døme på utviklande dialog og samskaping mellom kommune, grendautval og lokalmiljø generelt. Kommunen ynskjer å vera ein god tilretteleggjar og bidreg både gjennom investeringar og stønad til investeringar, samt gjennom ulike stønadsordningar til kultur- og idrettslivet.

Åsmund Nesse mottok kulturstipendet i 2018 for sin musikk og tekstar på Bømlodialekt. Samuel Nimoson mottok Kenneth Sivertsen-prisen.



Bibliotekar Signe Ytrøy med den islandske krimdronninga Yrsa Sigurdardóttir og Karvel Strømme. (Foto: Nils Hus/Bømlo folkebibliotek)

Bømlo folkebibliotek

Bømlo folkebibliotek hadde eit travelt og spanande år i 2018. Me hadde 72 ulike arrangement, som hadde besøk av 3.406 bømlingar – dobbelt så mange som året før. Me hadde også ein auke i besøkstalet og 33.300 var innom biblioteket ein eller fleire gongar i løpet av 2018 – ein auke på 22% samanlikna med 2017.

Kvar torsdag har biblioteket leksehjelp i lag med frivillige frå Røde kors. Dette er ein veldig populær aktivitet som 690 elevar nytta seg av i 2018 – ein auke på 35 % frå fjoråret. Her får elevane mat og god hjelp med leksene frå flinke frivillige.

Biblioteket er blitt ein møteplass og eit rom for fordjuping og inspirasjon, noko som vil halde fram i nye lokaler i kulturhuset. Biblioteket har hatt ein ørliten nedgang i utlånet frå 41.088 utlån i 2017 til 39.494 i 2018.

Barne- og familietenesta

Denne tenesta omfattar tilbod til born og unge under 18 år. Skulehelseteneste, helsestasjon, flyktninghelse, PPT og tiltaksteam inkl. sosiale tenester er ein del av dette ansvarsområdet. I tillegg har tenesta ei eiga avlastningseining (bustad). Tenesta har plassutfordringar og det er sett i verk eit arbeid for å løyse behovet både på kort og lengre sikt. Det er stort press på alle desse tenestene, men ein har no stabil arbeidskraft.

Det er framleis trong for å utvide skulehelsetenesta sin kapasitet, sjølv om ein no nærmar seg eit ressursnivå på linje med nasjonale tilrådingar. For å møte utfordringar knytt til psykisk helse og mobbeproblematikk i grunnopplæringa er eit godt, robust og tverrfagleg samarbeid mellom skulehelsetenesta og grunnskulane avgjerande.

PPT og førebyggjande tiltaksteam har eit tverrfagleg og kompetent arbeidslag. Det er framleis noko ventetid for å få utarbeidd sakkunnige vurderingar, men det er no god oversikt over utfordringane. Med eigne systemansvarlege i PPT vert det satsa ekstra på førebygging og systemisk arbeid i lag med barnehagar og skular i tett samarbeid med TIBIR teamet i tenesta (tidleg innsats for barn og familiar i risiko for å utvikle samspelevanskar). Det vert framleis jobba målretta med nyrekruttering og vidareutvikling av utgreiingskompetanse i PPT.

Avlastningsbustaden gir tilbod til nærare 20 brukarar. Nokre av desse har avlastning på ettermiddag, nokre har tilbod i helgar og nokre har tilbod om vekeopphald. Denne eininga leverer også tenester til andre kommunar i Sunnhordland.

I 2017 fekk barne- og familietenesta tildelt eit treårig prosjekt i foreldrestøttande tiltak med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUFDIR) som oppdragsgjevar. Fokusområdet her er foreldretiltak til innvandrarfamiliar. Bømlo er også ein såkalla TIBIR-kommune i regi av Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge (NUBU). Her vert det jobba med tiltak på system-, gruppe- og individnivå med mål om å hjelpe barn med samspelevanskar i alder 3-12 år. Det nye arbeidet med foreldrestøttande tiltak vert sett i samanheng med eksisterande TIBIR-satsing. Ein jobbar også med opplæring av kulturtolkar i saman med helsesjukepleiarane.

Etter nytt regelverk i tråd med den såkalla «avlasterdommen» vart det frå 01.01.2018 nye satsar og avrekning for privat avlastning. Dette fører til auka lønnskostnader. Samstundes har me auke på fastløn knytt til prosjektmidlar. Me dekkja inn 70 000 kr over budsjett i inntekter, men står likevel igjen med eit negativt budsjettavvik med over fire hundre tusen kroner.

Me jobbar med å utvikle tilbod i avlastningsbustad for å avgrense bruken av privat avlastning knytt til dei aller yngste. Dette er krevjande, og me må arbeide for meir varige løysingar i tida som kjem.

Bømlo symjehall

03. september 2018 opna Bømlo symjehall, og med det Sunnhordlands mest moderne og flottaste symjeanlegg. Hallen har to basseng; eitt konkurransebasseng på 25 m og eitt opplæringsbasseng på 12,5 m. Det minste bassenget held ein behageleg temperatur på 32 grader og det største kan by på både hoppetårn med 1,3 og 5 meter, samt stupebrett.

Bømlo symjehall skal vere eit tilbod som sikrar breidde, og ein har hatt fokus i oppstarten på å sikre eit tilbod for aktive, mosjonistar, leik og moro.

Kommunestyret har vedteke å leggje til rette for å utvikle symjemiljøet i Bømlo kommune. Eit tiltak er vederlagsfri bruk av bassenga for symjerelevante idrettsaktivitetar, der barn og unge skal prioriterast. Av den grunn har Bømlo symjeklubb fått gratis tilgang til symjehallen for sine ordinære treningar på oppsette tider og i tildelte banar, for barn og unge under 18 år og aktive konkurranseymjarar.

Bømlo symjeklubb har bidratt svært positivt med kompetanse og mykje aktivitet i oppstarten av symjehallen.

Totalt 17 555 registrerte personar var innom Bømlo symjehall i 2018 – eit snitt på 1 033 pr. veke.





Ordførar Odd Harald Hovland og redaktør Randi Olsen i Bømlo-nytt overrekkjer premien for beste tekstbidrag til skrivekonkurransen om Bømlo i framtida #Bømlo2049 til Aurora Lodden under julelunsjen for næringslivet. (Foto: Simon K. Sortland)

Barnevern

Barnevernet vert drive som eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Stord, Fitjar og Bømlo. Stord er vertskommune og ansvaret for drifta er såleis delegert frå kommunestyret i Bømlo til rådmannen i Stord kommune.

I 2018 vart det framforhandla ein ny avtale om det interkommunale samarbeidet som vert gjeldande frå 01.01.19.

Eininga har eit meirforbruk på 0,5 mill. i 2018, hovudsakleg knytt til administrasjon. Tal meldingar til barnevernet i 2018 er 114, mot 119 i 2017. Ein arbeider kontinuerleg med å sikre at bekymringar vert fanga opp og meldt så tidleg som mogleg.

Ved årets slutt er det 79 barn som får ein eller annan form for hjelpetiltak gjennom barnevernet. Dei fleste born får hjelpetiltak i heimen, men det er også nokre born som får tiltak utanfor heimen – omsorgsovertaking. Dette gjeld 25 born ved utgangen av året. Det er framleis litt fleire gutar enn jenter som får tilbod frå barnevernet. Det er også nokre få born frå Bømlo som er plassert i institusjonar. Dette er svært kostbare tiltak.

Laurhammer bufellesskap er eit tiltak for einslege mindreårige flyktningar. Tiltaket er heimla i barnevernslova. Avdelinga har to hus med til saman 9 bebuarar. I tillegg får fleire ungdommar oppfølging på eigen hybel. Ungdommane som vert busett kjem til Bømlo hovudsakleg på førespurnad frå Barne, ungdoms- og familieetaten (Bufetat).

HELSE, SOSIAL OG OMSORG



Illustrasjonsbilette på omsorgsteknologiprodukt. (Foto: Doro Care AS.)

Innleiing – mål og måloppnåing

Innbyggjarane som mottak tenester frå helse, sosial og omsorg er svært ulike både i alder, ressursar og behov. Overordna målsetjingar er:

- Bømlo kommune skal stimulera til og leggja til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, tek sunne val og på eigne premissar meistrar eige liv.
- Bømlo skal tilby innbyggjarar som har behov for hjelp og bistand, individuelt tilpassa og koordinerte tenester med høg kvalitet og brukarmedverknad.

Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg 2017-27 blei vedtatt i 2016. Planen har fire fokusområder:

1. Ei ny og meir aktiv brukarrolle. Individuelt tilpassa og koordinerte tenester.
2. Tettare samarbeid med eksterne aktørar. Kommunen som koordinator og tilretteleggjar.
3. Målretta utvikling av tenestetilbodet (bevisst prioritering og nytenking, meir fokus på førebygging og eigenmeistring, organisering og lokalisering).
4. Målretta satsing på rekruttering og kompetanse.




Det blir utarbeidd årlege handlingsplanar. I tillegg til dagleg drift har mange tilsette deltatt i utviklingsarbeid med utgangspunkt i handlingsplanane. Medarbeidarar har ytt stor innsats, vore fleksible og utviklingsorienterte. Nokre av tiltaka som er starta eller vidareført i 2018 har vore:

- Vidareført implementeringsprosjekt knytt til omsorgsteknologi. Det er m.a. ny avtale med leverandør og starta målretta utprøving av utstyr.
- Oppstart arbeid med planlegging av nye omsorgsbustadar og legesenter på Moster.
- Vidareført fokus på brukarmedverknad og «kva er viktig for deg» fokus i alle tenester.
- Vidareført utprøving av prosjekt knytt til dagrehabilitering.
- Vidareført utprøving av ulike friskliv/ LMS-tiltak og samarbeid med frivillig sektor.

- Vidareført satsing på helseteam for eldre og samlingar for 75-åringar.
- Oppstart forskningsprosjekt knytt til fallførebygging.
- Oppstart arbeid med modellar for overgang mellom tenester/skule for unge vaksne med samansette hjelpebehov.
- Gjennomført prosjekt knytt til heiltid/deltid ved Bømlo bu og helsesenter.
- Vidareføring av satsing på kompetanse- og kompetansemobilisering.
- Arbeid med nye lokale til NAV.

Økonomisk resultat 2018

Samla utgifter på 266 mill.kr er fordelt slik på dei ulike tenesteområda:



Avviksforklaring økonomisk resultat 2018:

Helse, sosial og omsorg har i 2018 eit negativt avvik på om lag 4 mill. Dette trass i at leiarar har vore tett på drifta og hatt høgt fokus på økonomi. Resultatet er sett saman av fleire element. Forklaring går fram i omtalen av dei ulike tenestene nedanfor.

Helse og omsorgstenester i heimen

Tenester/oppgåver

Helsetenester i heimen, personleg assistanse, hjelp og opplæring, brukarstyrt personleg assistanse, omsorgsløn, tryggleiksalarm og matombringning.

Helse- og omsorgstenester i heimen blir ytt frå Bømlo heimetenester (som dekkjer områda Bremnes og Moster), Søre Bømlo omsorgsområde og Habiliteringstenesta (som yt tenester til personar med utviklingshemming gjennom bu- og dagtilbod).

Målsetjinga er å yta gode individuelle tenester til brukarane utifrå dei ressursane ein har til rådvelde og sikra god kvalitet og koordinering av tenestene. For å få gode tenester er det viktig å ha fokus på utvikling av kvalitet og kompetanse. Trivsel på arbeidsplassen, god rekruttering og lågt sjukefråvær for tilsette er òg

sentrale element. Vidare vil det vera viktig å stimulera til at brukarane på best mogleg måte meistrar eige liv og får utvikla eigne ressursar.

Bømlo heimetenester og Søre Bømlo omsorgsområde

Mange eldre brukarar og pasientar som kjem tidlegare ut frå sjukehuset set store krav til ressursar og kompetanse i heimetenestene. Dagtilbod for eldre (Trivselshuset) er organisert til Bømlo heimeteneste. Tilbodet er under stadig utvikling med målsetjing om å få betre tenester til målgruppa.

Avviksforklaring økonomi

Bømlo heimetenester

Verksemnda er om lag i balanse trass i store variasjonar i brukarbehov gjennom året. Dette skuldast aktiv styring og iverksetjing av tiltak.

Søre Bømlo omsorgsområde

Verksemnda har eit negativt avvik på kr 1,8 mill som skuldast endringar i brukarsamansetjingar, vikarinleige grunna sjukemeldingar og vakante stillingar.

*Deltakarane på Trivselshuset er ofte på tur.
(Foto: Merete Bukkøy Amundsen)*



Habiliteringstenesta

Verksemnda gjev tenester i heimen og aktivitetstilbod. Verksemnda yt i hovudsak tenester til personar med utviklingshemming. Det er stor variasjon i hjelpebehov. Tenesta har sett i verk tiltak for å styrka kompetansen og har hatt aktivt samarbeid med NFU, pårørande og verjer.

Avviksforklaring økonomi

Habiliteringstenesta har eit negativt avvik på 2,8 mill.kr. Dette talet må sjåast i samanheng med positivt avvik på refusjon for ressurskrevjande tenester. Samla sett har tenesta då eit positivt avvik.

Tenestekontoret

Tenestekontoret har ansvar for tildeling av om lag alle helse- og omsorgstenester til personar over 18 år i kommunen. Kontoret har òg koordinerings- og samordningsansvar for fleire tenester, og er kommunen si koordinerande eining. I tillegg er kreftkoordinator og demenskoordinator tilsett i tenesta.

Avviksforklaring økonomi

Postitivt avvik på 894' skuldast i all hovudsak sjukemeldingar og stillingar som i periodar har vore vakante.

Institusjon-/dagtilbod:

Langtids-/korttids institusjonsplass omfattar medisinsk behandling/oppfølging, pleie- og omsorgstenester knytt til generell geriatri, demens, psykiatri, og til pleie i terminal livsfase. Totalt er det 99 institusjonsplassar i fast bruk i Bømlo kommune. I 2018 har ein grunna endringar i brukarsamansetjing i ein tidsavgrensa periode tatt i bruk fleire.

	Spesial- sjukeheim	Langtids- plasser (inkl. rulle- ring)	Korttids- plasser	Rehabilite- rings- plasser	Sum	Plassar som ik- kje er i bruk	Sum inkl ubrukte rom
Bømlo bu og helsesenter (Svortland)	0	59	7	5	71	14	85
Bømlo omsorgstun (Langevåg)	0	10	2		12	5	17
Teiglandshagen (Moster)	16				16	0	16
SUM	16	69	9	5	99	19	118

Bømlo bu- og helsesenter:

Institusjonen har mange aktivitetstiltak i samarbeid med frivillige. Ein opplever at arbeidsmengd og krav til kompetanse har auka knytt til at brukarar med meir omfattande hjelpebehov vert innlagt på institusjonen. Dette m.a. gjennom tidlegare utskriving frå sjukehus.

Avviksforklaring økonomi

Bømlo omsorgstun:

Sjå kommentarar under heimetenester.

Bømlo bu og helsesenter og Teiglandshagen bufelleskap:

Verksemda har eit negativt avvik på kr 186' ved Bømlo bu og helsesenter (BBH) og – 1 mill ved Teiglandshagen. På BBH skuldast avviket i all hovudsak høgare kostnader for å dekke vakansar og ledige vakter på natt. På Teiglandshagen er negativt avvik knytt til behov hjå brukarar som m.a. har gjort at ein i periodar har nytta eit pasientrom mindre som gjev mindre inntekter, i tillegg til at ein har leigd inn ekstrapersonale.

Psykisk helse

Psykiatrisk heimesjukepleie:

Innhald i tenesta omhandlar psykiatrisk heimesjukepleie, individuelle samtalar og oppfølging av personar med psykiske helseproblem, tverrfagleg samarbeid, rettlegging av kollegaer, studenter og samarbeidspartnarar. Verksemda har òg ei miljøteneste og eit dagtilbod.

*Kunstverk i Bremnes ungdomsskule.
(Foto: Simon Knutsson Sortland)*



Avviksforklaring økonomi

Negativt avvik på om lag 447' er knytt opp til lønsutgifter (sjukevikar og tariffesta tillegg) ved miljøtenesta. Deler av avviket kan sjåast i samanheng med positivt avvik og refusjonar som er lagt til fellesområde i helse og omsorg.

Helsetenesta

Ergo/ fysioterapitenesta inkl. Hjelpemiddellager

Verksemda yt tenester til brukarar i alle aldrar i barnehage, skule, institusjon, BBR, heim og poliklinisk. Tilsette samarbeider tverrfagleg internt i kommunen, interkommunalt og med spesialisthelsetenesta.

Målsetjinga med ergoterapitenesta er å leggja til rette for at tenestemottakar kan leva eit mest mogleg sjølvstendig liv ut frå egne føresetnadar. Fysioterapitenesta har som mål å yte fagleg forsvarleg fysioterapi der det er behov. Fysioterapi må kome i gong så tidleg som mogleg for å betre/oppretthalde brukars funksjon og førebyggja forverring. Prioritering skjer ut frå behov og alvorsgrad.

Avviksforklaring økonomi

Verksemda har eit positivt avvik på om lag 84'. Det er m.a. avdi tilsatte har deltatt i prosjekt og difor vore-finansert ved eksterne prosjektmidlar. Det er òg eit positivt avvik på driftsmidlar dette året.

Legetenesta



Anne Marit Særsten Halvorsen er lege i ALIS Vest-prosjektet ved Bremnes legesenter.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Bømlo kommune har 13 fastlegar og 1 turnuslege fordelt på 4 legekantor. Fastlegane har i tillegg til fastlegeoppgåver også kommunale bistillingar knytt til helsestasjon, skulehelsetenesta, legevakt og ved institusjonane. Det har i 2018 som tidlegare år vore vakansar i legetenesta som har vore krevjande å rekruttere til.

Avviksforklaring økonomi

Negativt avvik på om lag 1,5 mill skuldast i hovudsak kjøp av vikarteneste i vakante stillingar.

Interkommunale døgnseger, interkommunal legevakt og betaling for utskrivingsklare pasientar

Bømlo kommune disponerer del av 5 observasjonssenger i interkommunalt samarbeid med Stord og Fitjar kommune tilknytt Sunnhordland Interkommunale legevakt IKS samt 4 felles plassar for øyeblikkeleg hjelp døgntilbod styrt gjennom innlegging av lege.

Sunnhordland interkommunale legevakt IKS gjekk i balanse 2018 inkl. ei disponering av avsetning. Bømlo kommune hadde eit samla negativt avvik på kr 2.311 mill. kr. på dette tiltaket. Dette skuldast kostnader ved utskrivingsklare pasientar, og ei budsjettmessig underdekning.



Blodprøvetaking i laboratoriet ved Bremnes legesenter.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

NAV

Nav yt tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV – i tillegg til Lov om kommunale helse og omsorgstjenester (rus, hjelpetiltak osv). Hovedvekt ligg på økonomisk stønad, kvalifiseringsprogrammet (KVP), råd og rettleiing (inkl gjeldsrådgeving) og særskilte tiltak for rusmiddelavhengige. Arbeids- og aktivitetstilbodet Basen og flyktningetjenesta ligg òg til NAV. Eininga har hatt god effekt av prosjekt Jobbsjansen og stilling knytt til tildleg intervensjon.

Avviksforklaring økonomi

Nokre postar har positive avvik andre negative, men samla sett er verksemda om lag i balanse.

TEKNISK AVDELING



Bømlo symjehall vart sett i drift i 2018 og krev mykje teknisk utstyr.

(Foto: Magne Langåker/Sydvest)

Innleiing

Teknisk avdeling har ansvar for planlegging av investeringsprosjekt, vedlikehald av bygningar og kommunale vegar, handsaming av saker etter plan- og bygningslova i høve reguleringsplanar, kommuneplan, anna areal-disponering, frådelling og byggjesaker, landbruk- og miljøraker samt forvaltning av eigedomsskatt.

Økonomisk resultat 2018

Økonomisk resultat	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Avvik
Arealbruk	2 226	687	1 599	-1 539
Landbruk/miljø	1 608	1 819	1 538	211
Eigedomsskatt	1 307	1 212	1 379	-95
Teknisk drift (totalt) inkl.	36 610	33 320	34 933	-3 290
4* Teknisk Avdeling	41 751	37 038	39 450	-4 713

Ansvarsområda under teknisk avdeling

Arealbruk/Landbruks- og miljøavdeling/Teknisk drift

Sakshandsaming av:

- Kommuneplan, reguleringsplanar, planprogram og konsekvensanalysar
- Jordlovshandsaming, konsesjonssøknader, oppdrettssaker og miljøraker

- Søknad til Innovasjon Norge og tilskot til spesielle miljøtiltak SMIL
- Søknad om produksjonstilskot, avløysartilskot og avløyning ved sjukdom samt administrasjon av veterinærvakta
- Forvaltning av friluftsområda i samarbeid med Friluftsrådet Vest
- Saksbehandling vilt og miljø saker
- Byggesaker (inkludert tilsyn og kontroll), delingssaker, utslepp, eigarseksjonering
- Kart- og oppmålingssaker
- Gjennomføring av møter og kundebehandling
- Oppdatering av eigedomsbasen DEK og føring i Matrikkelen
- Eigedomskatt
- Drift og vedlikehold av kommunale bygg, vegar og grøntanlegg
- Styring av energiforbruk og enøk tiltak
- Oppfølging av reinhaldskontrakt
- Planlegging og gjennomføring av vedlikehold- og nybyggingsprosjekt
- Tildeling av vegnamn, adressering og montering av skilt
- Kvalitetssystem
- Infoland
- Kundetorg og internettsider teknisk avdeling

Mål og måloppnåing:

Aktivitet	2016	2017	2018
Vedtekne reguleringsplanar	12	9	13
Byggesaker (søknad utan ansvarsrett)	147	123	117
Byggesaker (søknad med ansvarsrett)	258	277	215
Tilsyn i omsøkt/ikkje omsøkt byggjesaker	8	11	12
Pålegg i byggjesaker	2	6	2
Delingsvedtak	97	84	91
Matrikkelbrev	242	290	243
Frådelingssaker etter jordlov	21	13	6
Konsesjonsaker	10	6	13
Søknad om produksjonstilskot i landbruket	95	99	103
Søknad om SMIL-midlar	12	17	9

Avviksforklaring:**Arealbruk/Eigedomsskatt:**

Arealbruk har eit negativt avvik på 1 538 778 kr. Avviket skuldast først og fremst sviktande inntekter i tenesteområda Kart og oppmåling og byggjesak/deling. Dekningsgrad for sjølvkostområda i 2018 er for teneste 3010 plansak 78%, teneste 3020 byggjesak og deling 86,5%, teneste 3030 oppmåling 81%. Tidlegare års underskot gjer at tenesteområdet framleis går med underskot.

Avgiftsnivået skal sjåast over ein 3- 5 års periode. Utført sjølvkostrekneskap for 2018 syner at vi ligg innanfor desse rammene men inntektsgrunnlaget på plansak og byggjesak/deling har auka noko i høve 2017, men dekningsgraden går likevel litt ned.

Landbruk/miljø:

Landbruks- og miljøavdelinga har eit positivt avvik på kr. 211 324,- i 2018. Dette skuldast at det ikkje har vore ytt tilskot til kjøp av mjølkekvote i 2018. Landbruksavdelinga har hatt mindre reiseutgifter og utgifter til kontormateriell og utstyr enn budsjettert. Statstilskot til veterinærvaktene var noko høgare enn det som låg i budsjettet. I tillegg har avdelinga hatt kr. 31 000,- i mindre utgifter til viltforvaltning.

Teknisk drift:

Teknisk drift har eit samla negativt avvik på kr. 3 290 000,-. Dette har si årsak i høgare kostnader til reinhald, energi og vintervedlikehald enn budsjettert. I tillegg var det mykje oppstartskostnader med drift av Bømlo symjehall.

Reinhald

Reinhald vert kjøpt av Elite Service Partner AS. Reinhald på institusjonar inngår ikkje i denne kontrakten. Prisstigning og en del ekstra vask/utvask etter oppussing i diverse kommunale bygg har medført noko meir forbruk på kr. 594 798,- i 2018. Avtalene er sagt opp og det vert i løpet av 2019 overgang til kommunalt/of-fentleg reinhald.

Forsikring

Bømlo kommune held fram med samarbeidet med Waco forsikringsmekling i 2018. Kommunen betalte 1,1 mill. kr. i forsikring av bygg og 0,3 mill. kr. for autoforsikring.

Energi

	Bømlo 2016	Bømlo 2017	Bømlo 2018	Stord	Landet uten Oslo	Kostragruppe 11
Kommunale energiforbruk i KVH, per eigd kvadratmeter	153	163	135	167	153	144

Tabellen over syner energiforbruket i kommunen, og utviklinga i denne dei siste 3 åra. Kommunen har eit energiforbruk som er lågare enn gjennomsnittet og nabokommunen. Reduksjonen frå 2017 til 2018 heng saman med gamle Bremnes ungdomsskule har stått tom $\frac{3}{4}$ av året og følgeleg nyttar mindre energi.

Bygningsvedlikehald

Avdelinga fungerer godt med variert og god fagkompetanse. Kommunen driftar no om lag 59 000 m² bygningsmasse. Det er utarbeidd ein overordna drifts- og vedlikehaldsstrategi for kommunale bygg. Denne strategien er politisk forankra. Avdelinga er serviceinnstilt og har eit godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsrutinar.

Planmessig vedlikehald gir effektiv ressursbruk. Utfordringa er å gjennomføra naudsynt vedlikehald med dei midlane som vert stilt til rådvelde. Ein vil alltid oppleve at trongen for vedlikehald er større enn rammene, men me har dei siste åra teke igjen noko av tidlegare etterslep. Avtale med BKE om leige av driftspersonell vert oppretthalden men har eit mindre omfang enn før.

Grønt og samferdsel

Område grønt og samferdsel fungerer godt og effektivt. Kommunen får utført mykje godt arbeid både med rutineoppgåver og prosjekter. Vedlikehaldet som blir utført langs vegnettet er mange og store. Kommunen vil på sikt få meir vegareal til vedlikehald som følgje av at fylkesvegar vert erstatta av nye vegar i «Bømløpakken», samt overtaking av vegar i private bustadfelt. Ei omorganisering har lagt til rette for at me no har eigen vegingeniør ved avdelinga.

Me har fått på plass ei vegnorm i 2018. Det er stort vedlikehaldsetterslep på kommunale vegar. Dersom dette etterslepet ikkje skal auka må rammene i åra framover auka. Auka nedbør gjev nye utfordringar i høve problem med overvatn og vatn frå takrenner som kjem frå dei kommunale bygga.

Prosjekt

Investeringsprosjekt vert finansiert over investeringsbudsjettet. Store prosjekt i arbeid i 2018 har vore ferdigstilling av nye Bremnes ungdomskule og Bømlo symjehall samt nytt SFO-bygg på Foldrøy. Arbeid med å realisere prosjekt er no etablert som eiga avdeling med eigen prosjektsjef.

Brannvern/feiing

Tenester/oppgåver

Verksemda er delt inn i 2 hovudavdelingar:

Beredskap

Denne avdelinga er innsatsstyrke ved brann og andre akutte ulukker.

Førebyggjande

Oppgåva til denne avdelinga er brannførebyggjande arbeid slik som tilsyn i særskilde brannobjekt, motivasjons- og informasjonstiltak og feiing og tilsyn med fyringsanlegg.



Økonomisk resultat

Ansvar	Rekneskap 2018	Opphavleg budsj. 2018	Revidert budsjett 2018	Avvik
BRANNVERN	9 515	9 894	9 935	420
FEIING	-66	0	-1	65

Avviksforklaring

Resultatet på område brannvern syner eit mindreforbruk på kr. 420 000. På område feiing, som er eit sjølvkostområde, er mindreforbruket 65 000 som dekkjer kalkulatoriske renter og avdrag på kjøp av feiebil.

Mål og måloppnåing

Ny varabrannsjef er tilsett og tok til i stillinga 1 desember, og med dette vart organisasjonskartet oppdatert frå årsskiftet slik dimensjonsforskrifta krev.

Beredskapsavdelinga:

Brannberedskapen er i endring, noko tala for helseoppdrag, naturhendingar samt andre oppdrag viser tydeleg. Frå 1. mai 2018 vart ny vaktordning satt i drift, og tre nye brannkonstablar vart tilsett. Seinare år har krava til kurs og utdanning av brannpersonell auka.

Beredskapshendingar 2017	Tal
Brann i bygning	6
Trafikkulukker	8
Helseoppdrag	46
Akutt forureining	4
Unødige utrykkingar	53
Andre oppdrag	51
Totalt	168

Kommentar: Bømlo brann og redning vart i 2018 kalla ut til totalt 168 oppdrag. Hovudstasjonen på Svortland rykka ut på 122 av desse. Ei oppstilling av kva hendingar dette var kjem fram av tabellen. Ingen personar omkom i brannar eller ulukker som brannstyrken rykka ut på i året som gjekk.

I 2018 var det konstablar som tok sertifikat klasse C og sertifikat for utrykkingskøyring. Mannskapa vert årleg kursa for å være oppdaterte akutthjelper, for PLIVO samt utrykkingskøyring.



Brannvernet har eit stort fokus på HMS arbeidet, og under tilsyn frå arbeidstilsynet vart behov for ny stasjon framheva. Bømlo brann og redning klarar ikkje å ivareta krav til skilje mellom rein og skitten sone i dagens stasjon. Det er satt av midlar til ny stasjon, og dette arbeidet går vidare i 2019.

Ny redningsbil vart levert på slutten av 2018. Inkludert i leveringa var nytt redningsverktøy samt at ein del anna utstyr vart oppgradert eller skifta ut. Overflateredningsberedskapen vart i 2018 utvida ved at utstyr vart plassert på Langevåg stasjon, og mannskapa her fekk opplæring innan dette viktige området.

Varabrannsjef og beredskapsleiar Frode Sagvaag med Bømlo brann og redning sin nye spesialbygde redningsbil. (Foto: Simon K. Sortland)

Bømlo brann og redning styrka i 2018 samarbeidet med lokale bedrifter som er industrivernpliktige. Det er spesielt to satsingar som byrja å gje konkrete resultat. Det eine er satsing på kjemikalievern, der ein i samarbeid går i lag for å utruste brannvernet for kjemikalievernaksjonar.

Ein har i fellesskap skaffa midlar til kjemikalieverndrakter samt styrka røykdykkarutstyr. Vidare er det satsa på styrking av båtberedskapen i kommunen. Målsettinga er at ny beredskapsbåt skal være på plass til sommaren 2019.

Førebyggjande:

Førebyggjande avdeling har gjennom 2018 halde fram arbeid med branntryggleik for risikoutsette grupper. Dette er eit nasjonalt satsingsområde og Bømlo brann og redning er langt framme med tverrfagleg samarbeid for å oppnå målsettingane på dette området. Denne satsinga held fram i åra som kjem. Dette arbeidet vart støtta av «Det store brannløftet» med tildeling på kr. 386.000 til kjøp av teknisk brannvernustyr for vidare utdeling til målgruppa.

Arbeidet med å risikokartlegge behov for både feiing, tilsyn med bustadar samt behov for tilsyn i særskilde objekt vart vidareført i 2018. Hensikta med å behovsprøve dei oppgåvene som førebyggjande avdeling brukar mest tid på er å frigjera tid til anna målretta førebyggjande arbeid.

*Nye kjemikaliedrakter til Bømlo brann og redning i 2018.
(Foto: Ove Halleraker)*



Eit anna prosjekt på førebyggjande avdeling er «Bjørnis». Brannbamsen Bjørnis er eit nytt verktøy til bruk for brannvernet i førebyggjande arbeid som vert nytta til systematisk opplæring av born frå barnehage- til skulealder. Det vart i 2018 gjennomført opplæring for alle elever i førskolen, 5. og 6. klasse. Erfaring hittil er at borna er særskilt mottakeleg for førebyggjande brannvern, og tek bodskapen med seg heim og vidare til besteforeldre.

Også i 2018 har Bømlo brann og redning delteke ved, og gjennomført, ei rad øvingar. Dette er for verksemdar, institusjonar, organisasjonar samt andre som ynskjer hjelp til øvingar og opplæring. Brannvernet har delteke ved ulike sentralt styrte førebyggjande kampanjar som «Brannvernveka», «Aksjon boligbrann», «Batteribyttingdagen», komfyrvaktkampanje med fleire.

Feiing:

Førebyggjande forskrift har ført til at Bømlo brann og redning har gjennomført risikokartlegging av behov for feiing og tilsyn. Fokus på nye arbeidsmetodar for å betre arbeidsmiljøet til feiarane held fram. Begge feiarbilane har innreiing som deler skitten og rein sone i bilane. Feiarane kan reingjere seg ute på staden der dei arbeidar, og eit mål er nådd i HMS – arbeidet. Arbeidet med ny brannstasjon er viktigaste tiltak i dette arbeidet, då kontor- og garderobefasilitetane til feiarane ikkje blir tilfredsstillande før denne er på plass.

HMS:

Brannvernet har stort fokus på rutinar og vask av arbeidstøy for å redusere kreftfaren hjå brannkonstablane og feiarane. Det er og kjøpt noko nytt tøy for å kunne skifte forureina utrykkingstøy på skadeplass, og i 2018 vart det kjøpt ny underbekledning til alle brannkonstablane som eit ledd i HMS – arbeidet.


KYRKJELEGE FØREMÅL

Under denne seksjonen ligg tilskot til Kyrkjeleg fellesråd og kommunalt tilskot til andre trudoms- og livssynssamfunn. Syner elles til Bømlo Kyrkjeleg fellesråd si årsmelding.

Økonomisk resultat

Tal i heile 1000 kr	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik	Avvik i %
Total ressursbruk	8 755	8 684	-72	-0,8

Ressursane er fordelt slik på dei ulike tenestene innan ansvarsområdet.



KOSTRATAL

	Bømlo 2016	Bømlo 2017	Bømlo 2018	Landet 2018	Kostragruppe 11 2018
Prioritet					
Netto driftsutgifter tilskudd til trus- og livssynssamfunn pr. innbyggjar i kroner	43	43	50	70	48
Brutto driftsutgifter til kyrkjeleg administrasjon og gravplassar pr. innbyggjar i kroner	673	684	698	653	730
Netto driftsutgifter, kyrkje, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,2 %	1,2 %	1,1 %	1,2%	1,2%
Dekningsgrad					
Medlem og tilhøyrslse i Dnk i prosent av antall innbyggjarar	80,6 %	80,2 %	79,6 %	72,9 %	79,6%
Medlemer i andre trudoms-og livssynssamfunn utanfor den norske kyrkje	6,9%	7,6%	7,6%	11,7%	7,3%
Kvalitet					
Konfirmerte i prosent av 15-åringar	79,6 %	76,3%	73,2%	59,5%	72,0%

Andelen av kommunen sine innbyggjarar som er medlem av den norske kyrkja har gått ned dei siste åra. Andelen av ungdom som konfirmerer seg går ned, men er framleis høgare enn for andre samanlikningskommunar og landsgjennomsnittet.



Frå opninga av Bremnes ungdomsskule 19.3.2018. – gratulasjonskake - Afro Kiddos dans – festoppdekking – velkomstdrink + stolt rektor. (Foto: Simon Knutsson Sortland)

